



# Ot.prp. nr. 78

(1999-2000)

---

## Om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet av 7. juli 2000, godkjend i  
statsråd same dagen.*

## 1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram forslag til:

- Lov om endringar i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
- Lov om endringar i lov av 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- Lov om endringar i lov av 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I denne proposisjonen inngår:

1. Forslag om endringar i meirverdiavgiftslova for å korte ned sakshandsamingstida i Klagenemnda for merverdiavgift
2. Forslag om meirverdiavgiftsmessige tilpassingar til rekneskapslova
3. Forslag om skattefritak for Forsvaret sine tenestebustader
4. Forslag om frådragsrett for gåver til visse frivillige organisasjonar
5. Forslag om presisering av reglane om frådragsrett for naturressursskatt som følgje av omlegging til rein statsskatt for etterskotspliktige
6. Forslag om endringar i reglane om betaling av skatt for fiskarar
7. Forslag om oppretting og presisering av lovtekst
8. Omtale av eigedomsskatt på anlegg for overføring og distribusjon av elektrisk kraft
9. Omtale av reglar om kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg
10. Omtale av førehandstilsegner i skatte- og avgiftssaker

## **2 Endringar i meirverdiavgiftslova for å korte ned sakshandsamingstida i Klagenemnda for merverdiavgift**

### **2.1 Innleiing og samandrag**

---

Departementet foreslår endringar i meirverdiavgiftslova med tanke på å korte ned sakshandsamingstida i den frittståande og landsdekkjande klagenemnda i avgiftssaker, Klagenemnda for merverdiavgift.

Departementet har overfor Skattedirektoratet tatt opp den lange handsamingstida for klagesaker i Klagenemnda for merverdiavgift. Skattedirektoratet, som er sekretariat for klagenemnda, blei i den samanheng bedt om å vurdere naudsynte tiltak for å korte ned handsamingstida til eit godtakbart nivå. Ved gjennomgangen og vurderinga av regelverket og rutinane for handsaminga av sakene i klagenemnda, har Skattedirektoratet peika på område der det etter deira mening er behov for endringar.

I 1985 blei det oppnemnt eit offentleg utval for å vurdere betringar i meirverdiavgiftslova. Utvalet fekk mellom anna som oppgåve å vurdere rettstryggleiken i meirverdiavgiftslovgivinga. Dette omfatta også heile ordninga med administrativ klage til Klagenemnda for merverdiavgift. Utvalet handsama ordninga med ei eiga sentral klagenemnd i delutgreiinga NOU 1991:30 Forbedret merverdiavgiftslov (Zimmerutvalet), og gjorde mellom anna framlegg om endringar i organiseringa av og sakshandsaminga i klagenemnda, samt om at kompetansen til klagenemnda blei utvida.

Departementet har vurdert forslaget frå Skattedirektoratet, og er samd i at det er behov for endringar i regelverket som kan medverke til å korte ned sakshandsamingstida i klagenemnda. Dette er endringar som departementet meiner bør kunne setjast i verk uavhengig av det meir allmenne arbeidet med oppfølginga av innstillinga til Zimmerutvalet. Forslaget vil kunne betre sakshandsaminga av klagesaker i avgiftsforvaltinga, samstundes som rettstryggleiken til dei næringsdrivande vil kunne bli styrka. Departementet har i denne omgang ikkje hatt ei brei gjennomgang av ordninga med klagenemnda, men berre sett på behovet for regelendringar som kan medverke til å korte ned handsamingstida i sjølv nemnda.

I saker kor verdien av klagegjenstanden ikkje er høgare enn 1 000 kroner, må ein etter gjeldande rett ha samtykke frå departementet for å få handsama saka av Klagenemnda for merverdiavgift. Skattedirektoratet har foreslått at saker av mindre økonomisk omfang i større grad enn i dag ikkje blir handsama i klagenemnda. Dette blir meir føremålstenleg samanlikna med gjeldande reglar. Departementet er samd i at det er behov for å ha reglar som på ein meir effektiv måte stengjer for handsaming av saker med avgrensa økonomisk omfang. På denne bakgrunnen foreslår departementet at det blir innført ei ny føresegr i meirverdiavgiftslova § 57. Forslaget inneber at klage til klagenemnda ikkje kan bli teken under handsaming utan samtykke frå leiaren i

nemnda dersom verdien av klagegjenstanden er under 15 000 kroner, eksklusiv renter.

Etter gjeldande reglar er Klagenemnda for merverdiavgift samansett av ein leiar og fire andre medlemmer. Skattedirektoratet har bedt departementet om å vurdere eit forslag om lovendring som opnar for å organisere klagenemnda i to avdelingar. Etter departementet si meining vil dette vere eit viktig tiltak for å få ned sakshandsamingstida i sjølve klagenemnda. Departementet foreslår derfor at det i meirverdiavgiftslova § 57 blir teke inn ei føresegns som opnar for at klagenemnda kan bli organisert i to avdelingar, kvar med fem medlemmer.

## **2.2 Gjeldande føresegns og rutinar for sakshandsaminga i klagenemnda samt organiseringa av klagenemnda**

---

Meirverdiavgiftslova kapittel XIV innehald føresegns om den frittståande og landsdekkjande klagenemnda i avgiftssaker, Klagenemnda for merverdiavgift. Nærare føresegns er gitt i forskrift av 19. desember 1969 om avgiftsforvaltningen og avgiftskontrollen og om klagenemndas organisasjon og saksbehandling (forskrift nr. 17). Det blir nedafor gitt ei kort oversikt over gjeldande føresegner og rutinar for sakshandsaminga i klagenemnda samt for organiseringa av klagenemnda.

Føresegna for samansetninga av klagenemnda går fram av meirverdiavgiftslova § 57 andre ledd, kor det er bestemt at klagenemnda skal vere samansett av ein formann og fire andre medlemmer, alle med varamedlemmer. Formannen og varaformannen skal oppfylle vilkåra for å vere herreds- og byrettsdommar. Desse har i praksis alltid vore utøvande dommarar. Det er i regelverket ikkje oppstilt særskilde føresetnader for medlemmene/varamedlemmene. Etter nemnde føresegns er det Finansdepartementet som gjer oppnemning av formann og medlemmer av klagenemnda. Det blir etter fast praksis lagt vekt på at klagenemnda blir samansett slik at den har naudsynt innsikt i gjeldande regelverk om meirverdiavgift og investeringsavgift, innsikt i rekneskap og økonomiske spørsmål, samt kjennskap til næringslivet. For særleg å tilfredsstille kravet til innsikt i rekneskap, har det vore vanleg at eit av medlemmene praktiserer som statsautorisert revisor. Dei andre medlemmene er tradisjonelt blitt oppnemnt etter forslag frå ulike næringsorganisasjonar. Medlem/varamedlem i klagenemnda blir oppnemnt for ein bestemt periode som blir fastsett av departementet ved oppnemninga, jf. forskrift nr. 17 § 16. Funksjons-tida, som det ikkje er gitt særskilde reglar om, er normalt fire år.

Skattedirektoratet er sekretariat for klagenemnda, jf. forskrift nr. 17 § 17. Det er i same føresegns fastsett at Skattedirektoratet skal førebu sakene for klagenemnda samt gi innstilling med forslag til vedtak. Innstillinga må innehalde ei utgreiing om dei faktiske høve ho byggjer på og for dei merknadene den avgiftspliktige byggjer klagen på.

Etter meirverdiavgiftslova § 57 tredje ledd er klagenemnda dugeleg til å avgjere ei sak når minst tre medlemmer, inkludert formannen/varamedlem, er til stades. Dette ser ut til å byggje på den føresetnaden at avgjerda i klagenemnda skal skje i møte. Det heiter likevel i forskrift nr. 17 § 18 første ledd at avgjerda som regel skal skje etter rein skriftleg handsaming. Det går vidare

fram av forskrift nr. 17 § 18 andre ledd at sakene først skal bli gått igjennom av formannen i klagenemnda. Når formannen tykkjer at sakene er tilstrekkeleg opplyst, sender han dei ut på votering til dei andre medlemmene i den orden formannen fastsett. § 22 i forskrifta slår fast at formannen skal returnere sakene til Skattedirektoratet etter at klagenemnda har fatta vedtak, det vil seie etter voteringa.

Den skriftlege voteringsordninga har ikkje følgd det sirkulasjonsprinsipp som er trekt opp i forskrifta. Årsaka til dette er dels at den er for arbeidskrevjande for klagenemnda med omsyn til rutinar for ekspedering mv. og dels at ein ønskjer å spare sakshandsamingstid. Ei ordning kor medlemmene stemmer fortløpande vil måtte ta tid. Det blei derfor allereie i 1970 utarbeidd rutinar for den skriftlege voteringa, som inneber at Skattedirektoratet i staden skal sende innstilling til vedtak med gjenpart av dokumenta i saka til alle medlemmene samstundes. Denne ordninga er ikkje teken inn i sjølve forskrifta. Voteringsa skjer ikkje i nokon tvungen rekkefølgd. Dette fører med seg at ved dissensar kan ein få fleire omgangar med voteringar. Dette sikrar at alle medlemmene blir gjort kjent med dissensane og får høve til å røyste på nytt.

Forskrifta har elles ikkje særskilde føresegner om korleis klagenemnda skal handsame dissensar. Det ser ut som om regelverket byggjer på at medlemmene berre skal bli gitt eit høve til å røyste. Medlemmene i klagenemnda har funne det lite tilfredsstillande at ein som medlem av eit kollegium, ikkje skal ha høve til å vurdere argumentar frå dei andre medlemmene og som er andre enn dei Skattedirektoratet har tilrådd. Leiaren i klagenemnda har derfor fastsett at det skal gjerast ei ny runde med røysting når eit eller fleire medlemmer disenterer.

I forskrift nr. 17 § 19 blir det opna for at klagenemnda held munnlege tingingar når formannen eller to andre medlemmer krev det. Når munnleg handsaming er bestemt, har Skattedirektoratet og den avgiftspliktige rett til å møte i klagenemnda, sistnemnde eventuelt ved fullmektig, jf. forskrift nr. 17 § 20. Det ser etter føresegna ikkje ut til å vere høve til å halde møte utan at Skattedirektoratet og den avgiftspliktige er gitt rett til å møte. Dersom medlemmene likevel møtast, kan det derfor neppe etter regelverket bli rekna som møte i klagenemnda. Etter det opplyste er det berre halde munnlege tingingar i klagenemnda i nokre få tilfelle.

Vedtak av klagenemnda blir treft med simpelt fleirtal. Står stemmetalet likt, gjer stemma til formannen utslaget, jf. meirverdiavgiftslova § 57 tredje ledd.

Etter meirverdiavgiftslova § 57 første ledd kan ein klage til klagenemnda over vedtak etter lova kapittel XIII og § 73. For å stengje for handsaming i saker kor verdien av klagegjenstanden er låg, er det i meirverdiavgiftslova § 58 tredje ledd fastsett at klage ikkje kan bli kravd handsama utan samtykke frå Finansdepartementet når verdien av klagegjenstanden er under 1 000 kroner. Denne avgjerda kan ikkje påklagast. Summen har stått uendra sidan 1977. Skattedirektoratet er delegert kompetanse til å samtykke til handsaming i klagenemnda. Skattedirektoratet har opplyst at ein ikkje i noko tilfelle har gitt tilating til handsaming av saker under 1 000 kroner.

## 2.3 Høyringa

---

Departementet sendte 11. januar 2000 eit notat på høyring med forslag til endringar i meirverdiavgiftslova kapittel XIV. Det blei foreslått reglar som på ein meir effektiv måte stengjer for handsaming i klagenemnda av saker med avgrensa økonomisk omfang. Det blei vidare foreslått at det blir opna for at klagenemnda kan bli organisert i to avdelingar. Notatet omfatta også forslag om endringar i forskrift nr. 17. Det blei foreslått at det i forskrifta blir teke inn ei føresegns om at varamedlem skal kunne tre inn i klagenemnda for å avlaste dei faste medlemmene, når dette er naudsynt med omsyn til arbeidssituasjonen. Det blei dessutan mellom anna foreslått at forskrifta blir utforma slik at klagesakene i større grad kan bli handsama og avgjort i møte (munnlige tingingar i klagenemnda). Bakgrunnen for forslaget er behovet for endringar i regelverket som kan bidra til å korte ned sakshandsamingstida i Klagenemnda for merverdiavgift.

Fristen for å gi fråsegn blei sett til 11. april 2000. Det er kome inn svar fra 44 høyringsinstansar. Desse har gitt ei realitetsdrøfting av forslaget: Skattebetalerforeningen, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Klagenemnda for merverdiavgift, Næringslivets Hovedorganisasjon, Norges Bondelag, Toll- og avgiftsdirektoratet, Skatterevisorenes Forening, Norges Bedriftsforbund, Landslaget for Regnskapskonsulenter, Skattefogdenes landsforening, Den norske Revisorforening, Samferdselsdepartementet, Vegdirektoratet, Norges Skogeierforbund, Nærings- og handelsdepartementet, Justisdepartementet, Fylkesskattesjefenes Forening, Den norske Advokatforening, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Riksrevisjonen, Ligningsutvalget, Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening, Handels- og Servicenæringerens Hovedorganisasjon, Norges Skatterevisorers Landsforening, Konkurransetilsynet, Fiskebåtredernes Forbund og Transportbedriftenes Landsforening.

Det er stor semje mellom høyringsinstansane om at handsamingstida for saker som blir handsama av Klagenemnda for merverdiavgift i dag er for lang. Det blir mellom anna peikt på at dette inneber ei svekking av rettstryggleiken for dei næringsdrivande. Det blir understreka at det er naudsynt med endringar i regelverket for å gjøre sakshandsaminga raskare og meir effektiv. Høyringsinstansane er derfor positive til forslaget om endringar i regelverket som kan medverke til å korte ned sakshandsamingstida i klagenemnda. Høyringsinstansane er gjennomgående positive til dei konkrete forslaga i notatet. Enkelte av høyringsinstansane peikar likevel på at det er naudsynt å setje i verk ei brei gjennomgang av klagehandsaminga frå saka startar på fylkesskattekontora til ho blir avgjort i sjølve klagenemnda.

Merknadene frå høyringsinstansane er omtala nedafor i samband med dei foreslårte endringane i meirverdiavgiftslova. Når det gjeld høyringa med omsyn til forslaga til endringar i forskrift nr. 17, blir det vist til omtalen i kapittel 1.8.

## 2.4 Departementet si allmenne vurdering av behovet for endringar i regelverket for å korte ned handsamingstida i klagenemnda

---

Bruk av nemnder og andre domstolsliknande forvaltingsorgan har lang tradisjon her i landet. Det er landsdekkjande klagenemnder eller ankenemnder,

som skal løyse konfliktar mellom private og det offentlege, på fleire område. Klagenemnda for merverdiavgift, som er ei frittståande landsdekkjande nemnd, har som føremål å ivareta omsynet til rettstryggleiken på meirverdiavgiftsområdet. Zimmerutvalet som mellom anna drøfta ordninga med klagenemnda, la til grunn at denne ivaretak omsynet til rettstryggleik på ein tilfredsstillande måte. Utvalet foreslo derfor å behalde denne ordninga. Utvalet peika likevel på at handsaminga i desse sakene var for lang. Med tanke på å korte ned denne foreslo utvalet at organiseringa og rutinane for handsaminga i klagenemnda blir endra.

Departementet er samd i at ordninga med klagenemnda bør halde fram. Departementet ser likevel at det er viktig at handsamingstida for desse sakene er på eit godtakbart nivå. Dette er særleg viktig med omsyn til rettstryggleiken for dei næringsdrivande. Lang handsamingstid kan også mellom anna føre med seg at handhevinga av meirverdiavgiftslovgjevinga blir mindre effektiv. Det er derfor ei prioritert oppgåve for departementet å sørge for at handsamingstida for saker som blir handsama av klagenemnda er så kort som mogleg.

Departementet har, som nemnt, overfor Skattedirektoratet tatt opp den lange handsamingstida for saker som blir handsama av klagenemnda. Skattedirektoratet blei i den samanheng bedt om å vurdere naudsynte tiltak for å korte ned handsamingstida til eit godtakbart nivå. Ved gjennomgangen og vurderinga av regelverket og rutinane for handsaminga av sakene i klagenemnda, har Skattedirektoratet peikt på område der det etter deira mening er behov for endringar. Departementet har vurdert forslaget frå Skattedirektoratet, og er samd i at det er behov for endringar i regelverket som kan korte ned handsamingstida. Instansane som har gitt fråsegn har også gjennomgåande slutta seg til dette.

I denne omgangen har departementet berre sett på behovet for regelendringar som kan medvirke til å korte ned handsamingstida i sjølve klagenemnda. Departementet har såleis ikkje hatt ein brei gjennomgang av ordninga. Dette er vidare endringar som etter departementet si mening bør kunne bli sett i verk uavhengig av det meir allmenne arbeidet med oppfølging av innstillinga frå Zimmerutvalet.

Nokre av høyringsinstansane har understreka behovet for å sjå på heile klagehandsaminga frå saka startar på fylkesskattekontora til ho blir avgjort i sjølve klagenemnda. Departementet er samd i dette, og viser i denne samanheng til at det i dei siste åra er blitt stilt konkrete krav til handsamingstida i klagesakene på fylkesskattekontora og i Skattedirektoratet. Mellom dei tiltak som er gjennomført er til dømes ei styrking av sekretariatet, og det er blitt utarbeidt nye retningsliner for fylkesskattekontora. Departementet vil følgje dette arbeidet nøye i framtida og i den samanhengen også vurdere behovet for regelendringar for å korte ned handsamingstida på fylkesskattekontora og i sekretariatet.

## 2.5 Utvidet høve til å stenge for handsaming i klagenemnda av saker med avgrensa økonomisk omfang

### 2.5.1 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått ei ny føreseggn i meirverdiavgiftslova § 57 kor det blir sett ein minstesum for saker som ein utan vidare kan krevje skal bli handsama av klagenemnda. Dersom klagen ikkje blir tillate brakt inn for klagenemnda, vil klagen bli handsama av Skattedirektoratet som sentral overordna styringsmakt i høve til fylkesskattekontora, jf. forvaltningslova § 28. Det blei i høyringsnotatet ikkje tatt uttrykkeleg stilling til kor høg minstesummen bør vere. Departementet uttalte likevel at den grensa som Skattedirektoratet foreslo, 20 000 kroner eksklusiv renter, kanskje er for høg. På den andre sida blei det sagt at ei inflasjonsjustering av ein sum på 1 000 kroner som lova i dag har, jf. meirverdiavgiftslova § 58 tredje ledd, heller ikkje synast å vere tilstrekkeleg. Det blei bedt om synspunkta til høyringsinstansane.

Det blei foreslått at leiaren i klagenemnda kan samtykke til handsaming i nemnda når vilkåret om minstesummen ikkje er oppfylt. Det blei gitt uttrykk for at eit slikt samtykke som regel berre bør bli gitt når avgjerda er viktig utafor den saka som er til handsaming eller når den er av særleg stort verd for klager. Etter det som er foreslått skal avgjerda om ikkje å fremme ei sak for klagenemnda på dette grunnlaget ikkje kunne bli klaga på. Forslaget var grunngjeve med at det er behov for føreseggn som på ein meir effektiv måte hindrar handsaming av saker av mindre økonomisk omfang.

### 2.5.2 Synspunkta frå høyringsinstansane

Høyringsinstansane er gjennomgåande av den oppfatning at det er behov for føreseggn som på ein meir effektiv måte avgrensar inngangen av saker av mindre økonomisk omfang. Høyringsinstansane støtter derfor i hovudsak forslaget frå departementet. Det er likevel delte meningar om kor høg summen bør vere. Fleire av høyringsinstansane meiner at ein sum på 20 000 kroner er for høg, og viser i den samanheng til rettstryggleiken for dei næringsdrivande. Nedafor blir synspunkta frå nokre av høyringsinstansane med omsyn til dette spørsmålet gitt att.

*Næringslivets Hovedorganisasjon* meiner summen passande kan bli sett til 10 000 kroner.

*Handels- og Servicenæringerens Hovedorganisasjon* meiner at summen bør setjast til 10 000 kroner inklusiv renter.

*Norges Bondelag* og *Fiskebåtredernes Forbund* meiner at summen kan bli sett til 5 000 kroner.

*Norsk Bedriftsforbund* meiner at summen bør bli rekna ut frå ei inflasjonsjustering av den summen på 1 000 kroner som lova i dag har.

*Den norske Advokatforeningen* er samd i at summen kan bli sett til 20 000 kroner. Foreininga legg vekt på at saker med tvistegjenstand under denne summen vil bli klagehandsama av Skattedirektoratet som overordna styresmakt i høve til fylkesskattekontora, jf. forvaltningslova § 28. Foreininga meiner at summen bør bli inflasjonsjustert. Foreininga peikar på at det er viktig at saker som har mykje å seie ut over den aktuelle saka og saker som er særleg viktige for klager, likevel skal kunne bli handsama i klagenemnda etter samtykke.

*Den norske Revisorforening* meiner at ein i klagesaker kor det er tale om skjønsspørsmål kan sette ei grense på 20 000 kroner. For saker kor det er tale om juridiske spørsmål som kan vere av stor verd i andre saker, meiner foreininga det er vanskeleg å operere med ein sum.

*Ligningsutvalget* meiner at ei grense på 20 000 kroner er for høg.

*Fylkesskattesjefenes forening* meiner at summen bør kunne bli sett til 15 000 kroner.

*Nærings- og handelsdepartementet* uttalar:

«Når det gjelder beløpsgrensen for saker som skal behandles av klagenemnda er vi enige i at det nåværende beløpet er for lavt. Hvor høyt man velger å sette grensen blir imidlertid en avveining mellom næringssdrivendes muligheter til å påklage et avgiftsvedtak, og hensynet til at saksbehandlingstiden ved klagenemnda blir så kort som mulig. Vi foreslår at grensen settes et sted mellom 10 000 og 20 000. Så lenge prinsipielt viktige saker under beløpsgrensen uansett kan behandles dersom klagenemndas leder godkjener det, er det mindre problematisk å sette en høy beløpsgrense. Relevante høringsinstansers synspunkter bør vektlegges når det gjelder den konkrete beløpsgrensen.»

*Justisdepartementet* har ikkje konkrete forslag til kor høg summen bør vere, men kan gi sin støtte til at ei grense på 20 000 kroner synast å vere for høg.

### 2.5.3 Departementet sine vurderingar

Etter meirverdiavgiftslova § 58 tredje ledd kan ein ikkje krevje å få handsama ei klage utan samtykke frå departementet når verdien av klagegjenstanden er under 1 000 kroner. Summen har stått uendra sidan 1977 og fører med seg at sjølv ganske små saker kan bli kravd handsama av klagenemnda. Skattedirektoratet meiner at det bør bli gitt reglar for å stengje for nemndshandsaming av saker med avgrensa økonomisk omfang. Etter Skattedirektoratets mening vil ikkje ei inflasjonsjustering av denne summen vere tilstrekkeleg for å skjerme klagenemnda for små saker. Skattedirektoratet har derfor foreslått at det blir sett ei høgare grense for saker som utan vidare kan bli kravd handsama av klagenemnda. Likevel kan leiaren i klagenemnda gi samtykke til handsaming i nemnda av saker når vilkåret om summen ikkje er oppfylt. Saker med tvistegjenstand under denne summen som ikkje blir tillate brakt inn for klagenemnda, vil bli handsama av Skattedirektoratet som sentral overordna styremakt i høve til fylkesskattekontora, jf. forvaltningslova § 28. Etter ei samla vurdering meiner Skattedirektoratet at grensa bør vere 20 000 kroner eksklusiv renter.

Høyringsinstansane er gjennomgåande samde i at det er behov for reglar som på en meir effektiv måte stengjer for handsaming av små saker i klagenemnda.

Etter departementet sitt syn er det viktig at ein ikkje i for stor grad avgrensar sjansane til å få prøvd ei sak for klagenemnda, noko som kan innebere ei svekking av rettstryggleiken. Dette er eit moment som særleg er teke fram i høyringsrunden. Samstundes er det også eit behov for føresegner som avgrensar saksinngangen til klagenemnda. Det er ikkje naudsynt, og heller ikkje rasjonelt, å setje i gang den etter høva ressurs- og tidkrevjande handsaming i klagenemnda i saker av mindre økonomisk omfang.

Etter ei vurdering av desse omsyna meiner departementet at det bør bli gitt reglar som på ein meir effektiv måte stengjer for handsaming av saker av mindre økonomisk omfang. Departementet foreslår derfor at det i meirverdiavgiftslova § 57 blir teke inn ei føresegns kor det blir sett ei grense for saker som utan vidare kan bli kravd handsama av klagenemnda. Det bør likevel bli opna for at leiaren i klagenemnda kan samtykke i handsaming i saker kor vilkåret om summen ikkje er oppfylt. Samtykke til handsaming i klagenemnda utan omsyn til verdien av klagegjenstanden, bør som regel berre bli gitt når avgjerdha har mykje å seie utafor den saka som ligg føre eller når saka av særlege grunnar har stor verd for klagaren. Departementet har til føresetnad at saker som fell innafor denne kategorien, skal bli handsama av klagenemnda uavhengig av verdien av klagegjenstanden.

Etter departementet si vurdering bør avgjerd om ikkje å ta ein klage under handsaming på dette grunnlag ikkje kunne påklagast. I tilfelle kor verdien av klagegjenstanden er under summen og det ikkje blir gitt samtykke, vil klagen bli handsama av Skattedirektoratet som overordna forvaltningsorgan i høve til fylkesskattekontora, jf. forvaltningslova § 28.

Når det gjeld spørsmålet om kor høg summen bør vere, ga departementet i høyingsnotatet uttrykk for at forslaget frå Skattedirektoratet, om ei grense på 20 000 kroner eksklusiv renter, ser ut til å vere for høg. Det blei på den andre sida gitt uttrykk for at ei inflasjonsjustering av ei grense på 1 000 kroner som lova i dag har, ikkje er tilstrekkeleg for å skjerme klagenemnda frå små saker. Ei justering av summen frå 1 000 1977-kroner, då summen sist blei endra, til dagens pengeverdi i takt med veksten i konsumprisindeksen, utgjer ei heving av summen til noko over 3 000 kroner.

Mellom høyingsinstansane er det delte meningar om kor høg summen bør vere. Dei fleste av høyingsinstansane meiner likevel at den summen som blei foreslått av Skattedirektoratet, 20 000 kroner eksklusiv renter, er for høg.

Etter ei konkret vurdering av dei ulike omsyn har departementet kome til at summen kan bli sett til 15 000 kroner. Departementet kan ikkje sjå at ein slik sum vil svekke rettstryggleiken til dei næringsdrivande. Bakgrunnen for dette er at samtykke til handsaming i klagenemnda, uavhengig av verdien av klagegjenstanden, bør bli gitt når avgjerdha har mykje å seie utafor den aktuelle saka eller når saka av særlege grunnar har stor verd for klager. Saker med tvistegjenstand under summen som det ikkje blir gitt høve til å bringe inn for klagenemnda, vil bli handsama av Skattedirektoratet som sentral overordna styremakt, jf. forvaltningslova § 28.

Når ein skal rekne ut verdien av klagegjenstanden, skal berre sjølve avgifta og eventuell tilleggsavgift bli teken med i vurderinga. Ein skal ikkje ta omsyn til rentene.

Det blir vist til forslag til meirverdiavgiftslova § 57. Meirverdiavgiftslova § 58 tredje ledd blir overflødig og det foreslås å oppheve føresegna. Det foreslås at endringane av meirverdiavgiftslova §§ 57 og 58 tek til å gjelde straks.

## 2.6 Høve til å organisere klagenemnda i to avdelingar

---

### 2.6.1 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det foreslått å endre meirverdiavgiftslova § 57 slik at det blir opna for at klagenemnda kan bli organisert i to avdelingar. Forslaget var grunnigjeve med å auke kapasiteten i klagenemnda slik at handsamingstida i sjølve klagenemnda kan gå ned.

### 2.6.2 Synspunkta frå høyringsinstansane

Høyringsinstansane er samde i forslaget om å organisere klagenemnda i to avdelingar. Fleire av høyringsinstansane meiner at dette er den mest effektive måten å korte ned handsamingstida i sjølve klagenemnda på. Klagenemnda seier i høyringa at dette er eit svært viktig tiltak for å korte ned den store arbeidsbyrda i nemnda.

### 2.6.3 Departementet sine vurderingar

Skattedirektoratet har overfor departementet opplyst at medlemmene i klagenemnda oppfattar sin arbeidssituasjon som krevjande på grunn av den auka mengda med saker dei seinare åra. Det er opplyst i den samanheng at fleire av medlemmene no legg ned nesten eit halvt årsverk i klagehandsaminga. Sidan arbeidet med klagesakene må bli gjort utanom ordinær arbeidstid i elles krevjande stillingar, meiner medlemmene at grensa for kva dei kan greie er nådd. Skulle mengda med saker halde seg på 1998-nivå, da klagenemnda fikk seg lagt føre 233 saker, meiner medlemmene i klagenemnda at det må bli teke skritt for å minske arbeidsmengda deira. Etter deira mening bør klagenemnda bli delt i to avdelingar, slik også Zimmerutvalet foreslo i si innstilling. Leiaren i klagenemnda kan likevel, i likskap med den tidlegare leiaren, ikkje tilrå ei løysning som inneber at leiaren skal delta i begge avdelingane. Skattedirektoratet har overfor departementet foreslått at det i regelverket blir opna for at klagenemnda kan bli organisert i to avdelingar.

Departementet ser det som ei prioritert oppgåve å korte ned handsamingstida for klagesaker på området for meirverdiavgift. Ei større satsing på klagehandsaminga på fylkesskattekontora og i sekretariatet kan føre til at sjølve nemnda blir ein flaskehals. Det blir også vist til at medlemmene i klagenemnda tykkjer arbeidssituasjonen i klagenemnda er strevsam, jf. ovafor. Det blir dessutan vist til at det i dei seinare åra har vært ein auke av saksmengda til klagenemnda. Medan det i 1990-91 kom inn om lag 150 klagesaker per år, kom det i 1998 inn 239 saker og i 1999 251 saker. Det er derfor etter departementet si mening behov for endringar i organiseringa av klagenemnda.

Leiaren i klagenemnda har i brev til Skattedirektoratet, kor han vurderer arbeidssituasjon i klagenemnda, gitt uttrykk for at ei deling av klagenemnda i to avdelingar vil gi størst verknad med tanke på å få ned handsamingstida i sjølve klagenemnda.

Zimmerutvalet foreslo ei deling av klagenemnda i to avdelingar. Modellen som blei lagt fram av utvalet, inneber at klagenemnda blir organisert i to avdelingar, kvar med to medlemmer og leiaren av klagenemnda. Løysinga inneber inga avlasting for leiaren i klagenemnda, og både tidlegare og noverande leiar har gått i mot forslaget på dette punkt.

Skattedirektoratet har foreslått at kvar avdeling skal ha fem medlemmer og at den eine blir leda av leiaren i klagenemnda og den andre av ein nestleiar. I tillegg til å avlaste leiaren, vil framleis sakene bli vurdert av fem medlemmer i nemnda, noko som i seg sjølv truleg vil vere svært viktig for rettstryggleiken.

Departementet er samd med Skattedirektoratet i at regelverket bør opne for at klagenemnda kan bli organisert i to avdelingar, kvar med fem medlemmer. Klagenemnda vil ved å kunne operere i to avdelingar behandle fleire saker, og vil vere i betre stand til å takle ei eventuell ytterlegare auke av saks-mengda. Ei deling i avdelingar kan føre med seg visse problem i høve til einsarta praksis, men desse vil neppe bli større enn i andre nemnder og domstolar som arbeider i avdelingar.

Det blir vist til forslag til merverdiavgiftslova § 57. Det blir foreslått at endringa tek til å gjelde straks.

## 2.7 Økonomiske og administrative følgjer

---

Departementet meiner at endringane vil få avgrensa økonomiske og administrative følgjer.

For dei næringsdrivande må det kunne leggjast til grunn at forslaget ikkje vil få negative økonomiske eller administrative følgjer. Føremålet er at saks-handsamingstida skal gå ned.

For avgiftsforvaltinga vil ei organisering av klagenemnda i to avdelingar føre til auka kostnader. Dersom det blir bestemt at klagenemnda skal bli organisert i to avdelingar, vil det bli oppretta to likestilte avdelingar som tar halvparten av sakene kvar. Dersom ikkje saksinngangen aukar særleg, kan det vere aktuelt å ha to avdelingar berre i avgrensa periodar. Ei senking av godtgjersla til medlemmene vil derfor neppe vere aktuelt. I tillegg kjem at ei senking vil vanskeleggjere rekrutteringa til klagenemnda. Auka i godtgjersle til ei ekstra avdeling vil følgjeleg avhenge av om det blir på ein avgrensa eller varig basis. Skattedirektoratet har vurdert dei årlege kostnadene ved opprettinga av ein ekstra avdeling i klagenemnda til å utgjere om lag 400 000 kroner.

Det blir lagt til grunn at ei organisering av klagenemnda i to avdelingar ikkje vil føre med seg behov for auka bemanning i sekretariatet (Skattedirektoratet).

## 2.8 Omtale av forslag til endringar i forskrift nr. 17

---

I høyringsnotatet blei det også foreslått endringar i forskrift nr. 17. Det blei foreslått at det i forskrifta blir teke inn ei føresegning om at varamedlemmene skal kunne tre inn i klagenemnda for å avlaste dei faste medlemmene, når dette er naudsynt av omsyn til arbeidssituasjonen. Det blei vidare foreslått at forskrifta blir utforma slik at klagesakene i større grad blir handsama og avgjort i møte (munnleg handsaming i klagenemnda). Høyringsinstansane er i hovudsak positive til forslaga. Departementet arbeider med å lage forskriftsføresegna på bakgrunn av høyringsnotatet og dei innspel som har frå høyring-instansane.

### **3 Meirverdiavgiftsmessige tilpassingar til rekneskapslova**

#### **3.1 Allment**

---

Rekneskapslova blei vedteken ved lov av 17. juli 1998 nr. 56. Lova trådte i kraft 1. januar 1999, likevel slik at rekneskapspliktige fram til 1. januar 2001 kan velje å nytte føresegnehelse om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar i rekneskapslova 1977 med forskrifter i staden for føresegnehelse i rekneskapslova kapittel 2. Finansdepartementet vil likevel foreslå for Stortinget å forlengje overgangsperioden fram til 1. januar 2002.

Departementet varsla i Ot.prp. nr. 42 (1997-98) om lov om årsregnskap mv. (regnskapsloven) at ein ville foreslå naudsynte endringar i skatte- og avgiftslovgjevinga som følgje av ny rekneskapslov.

I dette kapittelet går departementet gjennom meirverdiavgiftsmessige følgjer av rekneskapslova som står att, og foreslår naudsynte endringar i meirverdiavgiftslova som følgje av rekneskapslova.

Rekneskapslova førte til enkelte endringar i bruken av omgrep i høve til rekneskapslova 1977 og andre gjeldande føresegner om rekneskap. Dei nye omgrepa kravde ei rekkje redaksjonelle endringar i meirverdiavgiftslova. Dei fleste av føresegnehelse dette gjeld blei vedteken av Stortinget i samanheng med handsaminga av Ot.prp. nr. 1 (1998-99) Skatteopplegget 1999 - Lovendringer.

#### **3.2 Høyring**

---

Finansdepartementet sendte 25. mai 1999 eit notat om skatte- og avgiftsverknader av rekneskapslova på høyring. Notatet inneheldt forslag til lovendringar på dei punkta der rekneskapslova blei rekna for å medføre utilsikta eller uønskte følgjer på skatte- og meirverdiavgiftsområdet. Høyringstiden blei sett til 2. juli 1999.

Dei fleste av forslaga til lovendringar i høyringssnotatet er lagt fram for, og vedteke av, Stortinget, jf. Ot.prp. nr. 1 (1999-2000) Skatte- og avgiftsopplegget 2000 - Lovendringer og Innst. O. nr. 12 (1999-2000) Innstilling fra finanskomiteen om skatte- og avgiftsopplegget 2000 - Lovendringer. I høyringssnotatet foreslo departementet mellom anna endringar i meirverdiavgiftslova § 46 tredje ledd og § 72 nr. 2 første ledd. Forslag til endringar i desse føresegnehelse blir lagt fram i denne proposisjonen.

Berre Skattedirektoratet og Økokrim hadde merknader til forslaga om endringar i meirverdiavgiftslova. Merknadene blir omtala under dei enkelte forslaga om lovendringar.

### 3.3 Departementet sitt forslag til endringar

#### 3.3.1 § 42 første ledd - registrering av opplysingar om rekneskap

Etter Regnskapslovutvalget sitt syn, jf. NOU 1995:30 Ny regnskapslov, burde plikt til å registrere og dokumentere opplysingar om rekneskap etter næringskriterium bli knytt til skattepliktig næringsinntekt og avgiftspliktig omsetning. Av systematiske og pedagogiske grunnar blei det foreslått at plikt til å føre rekneskap blei knytt opp mot plikta til å leverere oppgåve over omsetninga etter meirverdiavgiftslova og oppgåve over næringa etter likningslova. Forslaget innebar at ein gjekk bort ifrå å nytte omgrepene næring som eit vilkår for plikt til å føre rekneskap. Ved innføringa av regnskapslova blei forslaget følgt opp, jf. Ot.prp. nr. 42 (1997-98). Det blei samtidig tatt sikte på at dei næringsdrivande som hovudregel skal kunne halde seg til regnskapslova når det gjeld spørsmålet om dei har plikt til å føre rekneskap eller ikkje. Sjølv om omgrepet næring som vilkår for plikt til å føre rekneskap til dels er innført på ny ved vedtakinga av regnskapslova § 1-2 tredje ledd, er likevel hovudregelen at plikt til å føre rekneskap positivt følger av regnskapslova § 1-2 første og andre ledd.

Ved at dei næringsdrivande som hovudregel skal kunne halde seg til regnskapslova når det gjeld spørsmålet om dei har plikt til å føre rekneskap, er det behov for å gjere endringar i meirverdiavgiftslova § 42, som saman med forskrifter gitt med heimel i meirverdiavgiftslova § 45, pålegg alle næringsdrivande med omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet plikt til å føre rekneskap.

Inntil regnskapslova tro i kraft, og i overgangsperioden for dei som nyttar seg av høvet i regnskapslova § 9-2 til å velja, er plikta til å føre rekneskap for næringsdrivande med omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet, heimla i meirverdiavgiftslova § 42 første ledd heldt saman med forskriftsføresegner gitt med heimel i meirverdiavgiftslova § 45. Meirverdiavgiftslova § 42 første ledd angir kva for ein krins av subjekt som har plikt til å føre rekneskap. Opprekninga inneber at alle med omsetning innafor avgiftsområdet - også dei med så låg omsetnad at dei ikkje pliktar å registrere seg i meirverdiavgiftsmanntalet, og dermed leverere oppgåve over omsetninga - har plikt til å føre rekneskap. Kva plikta går ut på går hovudsakleg fram av forskrifter heimla i § 45. Plikta inneber mellom anna at dei næringsdrivande, utan omsyn til storleiken på omsetninga, må føre rekneskapen i samsvar med føresegnene i regnskapslova 1977. Så langt vilkåret om næringsverksemd var i samsvar i regnskapslova 1977 § 1 og meirverdiavgiftslova, følgde plikta til å føre rekneskap også direkte av regnskapslova 1977 forutsett at anna ikkje var bestemt i eller i medhald av regnskapslova 1977.

Etter regnskapslova § 1-2 andre ledd gjeld plikta til å registrere og dokumentere opplysingar om rekneskap i kapittel 2 « *[e]n hver som har plikt til å leverere næringsoppgave etter ligningsloven eller omsetningsoppgave etter merverdiavgiftsloven [...]* ». Registreringsplikt i meirverdiavgiftsmanntalet og dermed plikt til å leverere oppgåve over omsetninga etter meirverdiavgiftslova § 28, jf. § 29, ligg føre først når omsetning av varer og tenester innafor avgiftsområdet har passert 30 000 kroner (140 000 kroner for veldedige og allmennnyttige organisasjonar) over ein periode på 12 månader. Tilsvarande er det skatteplikt, og dermed plikt til å leverere oppgåve over næring, jf. likningslova § 4-4 nr. 1, for enkelte skattesubjekt først når omsetninga i eit inntektsår frå økonomisk verk-

semd overstig visse beløpsgrenser. I samsvar med skatteloven § 2-32(2) er beløpsgrensa 140 000 kroner for veldedige og allmennytige organisasjoner og 70 000 kroner for andre organisasjoner som ikkje har næringsverksem til formål. Næringsdrivande med omsetning under nemnte beløp har dermed ikkje plikt til å registrere opplysingar om rekneskap etter rekneskapslova kapittel 2, med mindre vedkommande har plikt til å levere oppgåve over omsetning etter meirverdiavgiftslova eller vedkommande er rekneskapspliktig etter rekneskapslova § 1-2 første ledd.

Det er viktig å kunne kontrollere om ovannde subjekt kjem over dei skatte- og avgiftsfrie grensene for omsetting, det vil seie om det ligg føre skatteplikt eller plikt til å rekne ut meirverdiavgift av omsetninga. Også med tanke på konkurransetilhøva for dei næringsdrivande er det ein fordel å korte ned moglegheitene for ulovleg omgåing av skatte- og avgiftsplikter. Det er derfor viktig at det blir utarbeida eit tilstrekkeleg informasjonsmateriale for å kunne vurdere mellom anna omfanget på omsetninga. Departementet legg dessutan til grunn at alle med omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet, som følgje av den nedre beløpsgrensa for registrering i meirverdiavgiftsmanntalet, må ha oversikt over storleiken på omsetninga med meir.

Mellom anna på denne bakgrunnen blei det i Ot.prp. nr. 1 (1999-2000) foreslått ei føreseggn i rekneskapslova § 1-2 nytt tredje ledd om at «*[l]igningskontoret, fylkesskattekontoret eller sentralskattekontoret kan i enkeltilfelle pålegg den som antas å drive næringsvirksomhet regnskapsplikt etter kapittel 2 for den virksomhet som drives. Slikt pålegg kan begrenses til å gjelde enkelte bestemmelser i nevnte kapittel. Pålegget kan bare gis for to år av gangen.*

I Ot.prp. nr. 1 (1999-2000) uttalte departementet at «[n]år det gjelder meirverdiavgiftsloven § 42, vil departementet vurdere behovet for tilpasninger som følge av at registreringsplikten av regnskapsopplysninger mv. for avgiftspliktige næringsdrivende nå følger direkte av regnskapsloven». Departementet ønskte mellom anna å avvente Stortinget si handsaming av forslaget til ny § 1-2 tredje ledd i rekneskapslova.

*Økokrim* har til forslaget til nytt tredje ledd i rekneskapslova § 1-2 uttalt at meirverdiavgiftslova § 42 ikkje bør endrast. Det blir foreslått at omfanget av denne plikta til minimumsregistrering av rekneskapsopplysingar for ikkje-rekneskapspliktige etter rekneskapslova kan fastsetjast til dømes i forskrift til § 45. Forslaget er grunngitt i kontrollbehovet overfor verksemder som speulerer i at det er ei nedre registreringsgrense. Det blir påpeika at det ikkje er tilsvarande høve til kontroll på skattesida. *Økokrim* konkluderer med at rekneskapslova § 1-2 tredje ledd kombinert med at ein fører vidare meirverdiavgiftslova § 42 til ein viss grad sikrar høve til kontroll for verksemder som ligg i, eller hevdar å ligge i, grenselandet for skatte- og/eller avgiftsplikt.

På bakgrunn av at det er tatt sikte på at plikta til å føre rekneskap som hovudregel skal følgje av rekneskapslova og at rekneskapslova § 1-2 tredje ledd er vedteken, foreslår departementet at meirverdiavgiftslova § 42 første ledd blir oppheva. Dette inneber at ein lempar på føresegna for næringsdrivande som har omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet og omsetninga er under registreringsgrensene i meirverdiavgiftslova, med mindre desse pliktar

å levere næringsoppgåve etter likningslova eller er rekneskapspliktige etter rekneskapslova § 1-2 første eller tredje ledd.

Departementet legg likevel til grunn at ved at dei næringsdrivande må halde seg til registreringsgrensene i meirverdiavgiftslova, må desse i alle fall ha oversikt over storleiken på omsetninga for å vere sikre på at omsetninga ikkje når registreringsgrensa og dermed er avgiftspliktig. Departementet legg vidare til grunn at veldedige og allmennyttige institusjonar og organisasjonar av omsyn til ei ordna økonomiforvaltning, under dette medlemmene og styret sitt behov for å kunne kontrollere drifta, har eit visst system for registrering av opplysingar om rekneskap. Det blir føyd til at så langt dei næringsdrivande mv. har lønna sysselsetting - i eller utafor næringsverksemda - vil registreringsplikt for overføringer av lønn mv. også følgje av lova om skatteinntekt etter føresagnene om arbeidsgivaransvar.

### **3.3.2 § 42 andre og tredje ledd**

Føresagnene pålegg avgiftspliktige etter meirverdiavgiftslova kapittel fire og enkelte andre føresegner i lova, oppbevaringsplikt etter rekneskapslova når desse ikkje er rekneskapspliktige etter rekneskapslova. Føresagnene gir vidare Finansdepartementet heimel til å frita frå denne plikta eller fastsette kortare oppbevaringstid.

Den som er rekneskapspliktig etter rekneskapslova § 1-2 første, andre eller tredje ledd har etter rekneskapslova § 2-7 og oppbevaringsplikt av rekneskapsmaterialet. Oppbevaringsplikta i rekneskapslova er gitt tilsvarende utviding og endringar som registrerings- og dokumentasjonsplikta av rekneskapsopplysingar. Ein reknar med at denne vil dekke kontrollbehovet til avgiftsstyresmaktene. § 9-1 første ledd andre punktum i rekneskapslova gir hove til å frita frå oppbevaringsplikta eller fastsette kortare oppbevaringstid for rekneskapspliktige etter rekneskapslova § 1-2 andre ledd.

Avgiftspliktige etter meirverdiavgiftslova kapittel fire og enkelte andre føresegner i lova pliktar å levere oppgåve over omsetninga og er såleis pliktige til å føre rekneskap etter rekneskapslova kapittel 2. Det er såleis ikkje behov for desse føresagnene i meirverdiavgiftslova. Departementet foreslår at § 42 andre og tredje ledd blir oppheva.

Ein viser til forslag om oppheving av meirverdiavgiftslova § 42.

### **3.3.3 § 43**

Det følgjer av § 43 at omsetninga til dei registreringspliktige næringsdrivande blir rekna for å vere innafor meirverdiavgiftsområdet med mindre den næringsdrivande på nærmare vilkår dokumenterer at omsetninga er avgiftsfri. Endringa som foreslås i § 43 er berre av språkleg karakter.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 43.

### **3.3.4 § 44 første ledd**

Føresegna slår fast at salsdokument som angir vederlaget utan avgift (netto-vederlag) og sjølve avgiftsbeløpet ikkje kan ferdast ut før ved levering av varer og tenester med mindre anna blir bestemt av departementet.

Salsdokument som angir nettovederlaget og sjølve avgiftssummen legitimerer frådragsrett til kjøpar dersom vilkåra elles er oppfylte. Føresegna har til formål å hindre at registrerte næringsdrivande skriv ut pro forma salsdokument som legitimerer frådragsrett før levering har skjedd og utan at det føreligg avtale om sal, jf. Ot.prp. nr. 28 (1992-93) om lov om endringer i lov av 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift.

Føresegna omhandlar mellom anna ikkje salsdokument som berre angir vederlaget med avgift (bruttovederlag) og sjølve avgiftssummen. Dersom vilkåra elles er oppfylte kan også slike salsdokument legitimere frådragsrett for kjøparen.

Etter departementet si oppfatting er det behov for ein allmenn utforming av føresegna, slik at ingen salsdokument som kan legitimere frådragsrett for kjøpar, skal kunne ferdast ut før ved levering av varer og tenester med mindre departementet bestemmer anna. Departementet foreslår såleis at føresegna endrast slik at alle salsdokument som omhandlar varer og tenester innafor meirverdiavgiftsområdet blir omfatta av føresegna.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 44 første ledd.

### **3.3.5 § 45**

Meirverdiavgiftslova § 45 gir Finansdepartementet kompetanse til å gi føresegner om plikt til registrering og dokumentasjon av opplysingar om rekneskap og innhald av salsdokument for den som er pliktig til å sende oppgåve over omsetninga mv. etter meirverdiavgiftslova for så vidt gjeld dei beløp som skal takast med på oppgåva.

Heimelen er meint å skulle nyttast i spesielle høve der forskriftsføresegne til rekneskapslova ikkje gir heimel til føresegner som er naudsynte av omsyn til ein tilstrekkeleg avgiftskontroll.

Meirverdiavgiftslova § 45 omfattar ikkje den som pliktar å sende oppgåve over omsetning mv. i samsvar med føresegner gitt *med heimel* i meirverdiavgiftslova. Det gjeld til dømes næringsdrivande som vil bli avgiftspliktige som følgje av forskrift fastsett med heimel i meirverdiavgiftslova § 65 a. § 65 a handlar om departementet sitt høve til i forskrift å bestemme at tenester som er avgiftspliktige ved innanlands omsetning skal bli rekna for avgiftspliktige når ein innfører desse frå utlandet.

Det er behov for at § 45 også omfattar dei som pliktar å sende omsetningsoppgåve mv. etter føresegner gitt med heimel i meirverdiavgiftslova. Departementet gjer på denne bakgrunn forslag om at § 45 blir utvida slik at også denne krinsen blir omfatta.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 45.

### **3.3.6 § 46 første ledd**

Føresegna omhandlar den plikta næringsdrivande med omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet har til å leggje fram mv. rekneskapsbøker, bilag, kontrakter med meir som har noko å seie for avgiftskontrollen. Plikta gjeld når avgiftsstyresmaktene krev det og gjeld uavhengig av om omsetninga er under registreringsgrensene i meirverdiavgiftsmanntalet.

Departementet foreslår at avgrensinga av subjekt i føresegna blir endra i samsvar med forslaget til ny avgrensing av subjekt i § 45. Forslaget fører med

seg at opplysningsplikta mv. omfattar også alle med plikt til å levere omsetningsoppgåve etter føresegner gitt med heimel i meirverdiavgiftslova. Departementet foreslår vidare at det same skal gjelde den som med heimel i rekneskapslova § 1-2 tredje ledd er pålagde å føre rekneskap etter rekneskapslova kapittel 2. Forslaget fører og med seg at opplysningsplikta mv. fell bort for næringsdrivande med omsetning innafor meirverdiavgiftsområdet, når omsetninga er lågare enn registreringsgrensene i meirverdiavgiftslova og dei ikkje er pålagde å føre rekneskap etter rekneskapslova § 1-2 tredje ledd.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 46 første ledd.

### **3.3.7 § 46 andre ledd**

Det følgjer av § 46 andre ledd at den næringsdrivande og dei personane som er i hans teneste eller hjelper ham, skal yte avgiftsstyresmaktene naudsynt rettleiing og hjelp og gjere kontor- og bedriftslokala i tilknyting til næringsverksemda tilgjengelege.

Departementet foreslår at det same skal gjelde den som med heimel i rekneskapslova § 1-2 tredje ledd er pålagd å føre rekneskap etter rekneskapslova kapittel 2.

Ein viser til forslag om § 46 andre ledd nytt andre punktum.

### **3.3.8 § 46 tredje ledd**

Føresegna pålegg næringsdrivande som har omsetning utafor meirverdiavgiftsområdet ei opplysningsplikt. Desse skal, når avgiftsstyresmaktene forlanger det, sende gjenpart av årsrekneskap og årsmelding og gi dei opplysingar om verksemda som styresmaktene krev.

Departementet foreslo i høyringsnotatet av 25. mai 1999 at det for foretak som ikkje har rekneskapsplikt etter alle kapitla i rekneskapslova skulle innførast ei plikt til å utarbeide skattemessig årsoppgjør med heimel i likningslova. På bakgrunn av mellom anna høyringa foreslo departementet at ein i staden tek vare på dei behova som er naudsynte for ei tilfredsstillande rapportering av årlege periodiske avslutningar av inntekter og utgifter, samt oppstilling av eigendelar og gjeld, for foretak med avgrensa rekneskapsplikt, ved utföringa av næringsoppgåva.

Vidare foreslo departementet i høyringsnotatet at opplysningsplikta i meirverdiavgiftslova § 46 tredje ledd også skulle omfatte det å leggje fram gjenpart av skattemessig årsoppgjør med resultatrekneskap og balanse som tilfredsstiller dei krav og spesifikasjonar som fastset næringsoppgåve, etter likningslova, stiller. Fordi forslaget om plikt til å utarbeide skattemessig årsoppgjør for foretak utan rekneskapsplikt etter alle kapitla i rekneskapslova ikkje er fremma, fell forslaget om endring i meirverdiavgiftslova § 46 tredje ledd, som foreslått i høyringsnotatet, bort. Departementet foreslår i staden at opplysningsplikta skal omfatte næringsoppgåve til likningsstyresmaktene.

Forslaget som blei sendt på høyring omfatta andre næringsdrivande enn dei som er nemnt i § 46 første ledd og som ikkje er rekneskapspliktige etter rekneskapslova § 1-2 første ledd. *Skattedirektoratet* peikte på at forslaget i høyringsnotatet er uheldig utforma. *Skattedirektoratet* meiner at plikta til å leggje fram årsrekneskap bør førast vidare for alle rekneskapspliktige som ikkje blir omfatta av meirverdiavgiftslova § 46 første ledd.

Departementet er samd i denne vurderinga. Det blir såleis foreslått at næringsdrivande med omsetning utafor meirverdiavgiftsområdet eller med omsetning under registreringsgrensene i meirverdiavgiftslova mv. skal sende gjenpart av næringsoppgåve til likningsstyresmaktene når avgiftsstyresmaktene krev det. Vidare foreslår departementet at opplysningsplikta skal omfatte årsrekneskap og årsmelding dersom dette ligg føre. Dette medfører at plikta omfattar årsrekneskap og årsmelding som er utarbeidd, uavhengig av om det er plikt til å utarbeide årsrekneskap og årsmelding etter rekneskapslova kapittel 3 jf. § 1-2 første ledd.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 46 tredje ledd.

### **3.3.9 § 72 nr. 2 første ledd**

Meirverdiavgiftslova § 72 nr. 2 første ledd omfattar mellom anna brot på føresegner om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar gitt med heimel i spesielt opprekna kapittel i meirverdiavgiftslova. Det er naudsynt at straffeføresegna i meirverdiavgiftslova gir heimel til å sanksjonere brot på slike pliktar som er heimla også i andre kapittel i meirverdiavgiftslova. Slik straffeføresegna no er formulert vil eit brot på føresegner om registrering av rekneskapsopplysingar gitt med heimel i kapitla som ikkje er rekna opp, ikkje kunne påleggjast straff etter meirverdiavgiftslova.

Departementet foreslo i høyringsnotatet av 25. mai 1999 at føresegna skulle endrast slik at også brot på forskrifter om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar gitt i medhald av meirverdiavgiftslova allment blir omfatta. Likevel omfatta ikkje forslaget brot på føresegner i kapittel XI. *Økokrim* sa seg samd i at brot på føresegner om avgrensa rekneskapsplikt gitt i medhald av meirverdiavgiftslova bør vere sanksjonert med straff i meirverdiavgiftslova § 72. *Økokrim* er likevel av den oppfatting at det verkar noko uheldig å straffe brot på rekneskapsforskriftene gitt med heimel i kapittel XI, utan samtidig å ha straffesanksjon knytt til hovudføresegne om avgrensa rekneskapsplikt i meirverdiavgiftslova kapittel XI. Ein viser i den samanheng til mellom anna § 44 første og andre ledd som omhandlar høvet til å ferde ut eit salsdokument som kan legitimere frådragsretten til kjøpar og at den som ikkje er registrert i meirverdiavgiftsmanntalet ikkje skal oppgi avgiftssum i salsdokument eller prisliste. *Økokrim* foreslår at føresegna førast vidare slik ho lyder i dag, likevel med ein justering av bruken av omgrep i samsvar med rekneskapslova si bruk av omgrep.

Høvet til å kunne sanksjonere brot på «[...] regnskaps- eller legitimasjonsreglene i kap. XI [...]» blir omfatta av § 72 nr. 2 første ledd allereie i dag og departementet er samd i at føresegna bør førast vidare på dette punkt. Den foreslår ordlyden inneber også ei språkleg endring for å oppnå same bruk av omgrep som i lova elles og i rekneskapslova.

Ein viser til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 72 nr. 2 første ledd.

## 4 Forsvaret sine tenestebustader - skattefritak

### 4.1 Innleiing

---

Finansdepartementet foreslår skattefritak for fordel ved bruk av Forsvaret sine tenestebustader. Bakgrunnen er at det vil bli innført eit nytt system for fastsetjing av husleiga for Forsvaret sine tenestebustader. Systemet medfører at husleigene blir meir marknadstilpassa. Det har i påvente av eit slikt, nytt system for fastsetjing av husleiga for Forsvaret sine tenestebustader gjeldt eit mellombels skattefritak for inntektsåra 1995-2000.

### 4.2 Fastsetjinga av husleiga for Forsvaret sine tenestebustader

---

#### 4.2.1 Innleiing

I St.meld. nr. 25 (1995-96) Om bustadverksemda til Forsvaret, gjorde Regjeringa greie for den framtidige bustadpolitikken til Forsvaret. I innstillinga til stortingsmeldinga (Innst. S. nr. 199 (1995-96)) uttala forsvarskomiteen m.a. at husleiga i Forsvaret sine bustader i større grad måtte bli tilpassa marknadsnivå. Komiteen understreka også at marknadstilpassa utleigeprisar for Forsvaret sine bustader må spegle dei lokale marknadsskilnadene slik at t.d. bustader ved utdanningsgarnisonane i Nord-Noreg får ein monaleg lågare leigepris enn bustader i Oslo. Komiteen uttala at ein må komme fram til eit takserings-system som tek vare på lokale skilnader, og som samstundes ikkje inneber nokon form for fordelsskattlegging.

Forsvarsdepartementet har derfor i samarbeid med Finansdepartementet utarbeidd eit takseringssystem for utrekning av husleige for Forsvaret sine bustader. Det nye takseringssystemet for utrekning av husleige blir foreslått gjort gjeldande frå 1. januar 2001.

#### 4.2.2 Bakgrunnen for arbeidet med nytt system for fastsetjing av husleige

Husleigene for staten sine bustader blei alt i 1992 justert til marknadspris. Forsvaret var ikkje omfatta av denne reguleringa. I etterkant kom Riksrevisjonen i Dokument nr. 3:7 (1994-95) Antegnelse vedrørende boligvirksomheten i Forsvaret med kritikk av fleire høve ved Forsvaret sin bustadverksemd. Det blei m.a. uttala at:

- husleigenivået var for lågt, 50-60 prosent under andre samanliknbare statsbustader,
- systemet for utrekning av husleiga var svært komplisert,
- systemet differensierte ikkje i tilstrekkeleg grad med omsyn til geografisk lokalisering.

Stortinget handsama Riksrevisjonen sine merknader i Innst. S. nr. 2 (1995-96) og slutta seg i hovudsak til Riksrevisjonen sine merknader. Det blei likevel understreka at den lokale tilpassinga burde komme til uttrykk i dei leigepriser som blir fastsett.

Forsvarsdepartementet avgjorde deretter at det var naudsynt å legge fram ei stortingsmelding som på breitt grunnlag gjorde greie for kva slags bustadpolitikk som skal gjelde i framtida. Dette blei gjort i St.meld. nr. 25 (1995-96). Fordi Forsvaret disponerer i overkant av 4000 bustader spreidd rundt i svært mange av kommunane i landet, var det spesielt viktig å få på plass eit landsdekkjande husleigesystem som ikkje skulle gi fordelsskattlegging.

#### **4.2.3 Gjeldande system for utrekning av husleige**

Det systemet for husleigeutrekning som blir brukta i dag, blir kalla det differensierte husleigesystem av 1983. Systemet tek omsyn til storleiken av bustaden, standard, alder, geografisk plassering innan buområdet med meir. Systemet er komplisert, spesielt er det detaljerte spesifikasjonar knytt til standarden til bustaden. Geografisk plassering innan buområdet er delt inn i bykjerne, tettstad og ytre område. Denne differensieringa gir marginale forskjellar i husleigenivået. I tillegg har ein ein husleigereduksjon på 25 prosent for bustader nord for Ofotfjorden.

#### **4.2.4 Nytt system for utrekning av husleige**

Ved utarbeidninga av det nye systemet er det spesielt lagt vekt på at Stortinget sine føringar som nemna i innleiinga, blir ivareteke. I tillegg er det lagt vekt på å få til eit langt enklare utrekningsgrunnlag. Ein har også tatt omsyn til at husleigenivået ikkje må bli sett så høgt at Forsvaret får vesentlege problem med beordrings- og søknadssystemet sitt. Det nye systemet for utrekning av husleige inneholder følgjande elementer:

- sonepris, det inngår sju ulike soneinndelingar på landsbasis,
- utrekna bustadareal, vekta etter kjellar, hovudetasje og etasjeplan,
- bustadtype (einebustad, bustad som ligg i atrium/kjede/rekkje eller på annan måte er vertikaldelt, blokk/andre bustader som er horisontalt-delte),
- husleigereguleringsindeks, for å justere nivået etter tendensen i marknaden,
- alderen til bustaden,
- vedlikehaldsklassifisering.

I det nye systemet blir det ikkje teke omsyn til innvendig standard bortsett frå ei allmenn vedlikehaldsklassifisering. Det blir heller ikkje gjort forskjell mellom geografisk plassering i bykjerne, tettstad og ytre område. Soneinndelinga er gjort på kommunenivå.

Denne modellen er mykje enklare i høve til gjeldande system og gir ei særskilt god differensiering til dømes mellom Osloområdet og forsvarskommunane i indre Troms og Finnmark. På landsbasis blir husleiga for Forsvaret sine bustader auka med om lag 90 prosent i gjennomsnitt. I Oslo blir husleigeauken størst med om lag 200 prosent mens auken i indre Troms og Finnmark berre blir på om lag 20 prosent. Dei store skilnadene heng saman med at gjeldande system skil særslit.

Forsvarsdepartementet vil, i samarbeid med Finansdepartementet, etter ein prøveperiode på 3-4 år vurdere det nye systemet for utrekning av husleige i Forsvaret sine bustader. Formålet med vurderinga vil vere å sikre at modellen i praksis ikkje gir vesentleg lågare leiger enn marknadsleiga.

## **4.3 Skattereglane for heilt eller delvis fri bustad i arbeidsforhold**

---

### **4.3.1 Allment**

Fordel i form av at bustad heilt eller delvis vederlagsfritt blir stilt til disposisjon av arbeidsgivar, er skattepliktig for arbeidstakaren som fordel vunne ved arbeid, jf. skatteloven § 5-1 første ledd. Det er allment viktig at alle fordelar skattytar oppnår ved arbeid skal blir skattlagte så likt som råd. Arbeidstakarar som gjennom sitt arbeidsforhold oppnår ein fordel ved heilt eller delvis fri bustad, bør ikkje bli stilt gunstigare skattemessig enn arbeidstakarar som mottar godtjersle i form av kontant lønn.

### **4.3.2 Mellombels skattefritak for fordel ved heilt eller delvis fri bustad for arbeidstakarar i Forsvaret**

Det følgjer av skatteloven § 5-15 første ledd bokstav l at fordel ved heilt eller delvis fri bustad for arbeidstakarar i Forsvaret ikkje er skattepliktig. Skattefritaket har gått fram av skatteloven sidan 1995, men heller ikkje tidlegare blei fordelen skattlagt. Skattefritaket er vedteke i tre omgangar, først for inntektsåra 1995-97, sidan blei det vedtekte ført vidare for inntektsåra 1997-1999 og inntektsåret 2000. Forarbeida til føresegna er Ot.ppr. nr. 26 (1995-96) og Innst. O. nr. 55 (1995-96), Ot.ppr. nr. 1 (1997-98) og Innst. O. nr. 5 (1997-98) samt Ot.ppr. nr. 1 (1999-2000) og Innst. O. nr. 12 (1999-2000).

Bakgrunnen for skattefritaket var Forsvaret sitt arbeid med det nye systemet for fastsettjing av leige. Det blei sett på som uheldig om det blei pålagt fordelsskattlegging etter alminnelege regler mens prosessen med å leggje om til det nye husleigesystemet var i gang.

## **4.4 Departementet sine vurderingar og forslag**

---

Den nye modellen for fastsettjing av husleige for Forsvaret sine bustader fører i langt større grad enn gjeldande modell til at husleigene blir tilpassa marknadsnivået i dei ulike delane av landet. Allment vil husleigene ligge noko under leige som ville bli oppnådd ved utleige i ein fri marknad. Etter departementet sitt syn er dette forsvarleg på bakgrunn av spesielle forhold i Forsvaret, særleg beordingssystemet.

Også etter det nye systemet for utrekning av husleige for Forsvaret sine bustader vil det kunne ligge føre ein liten skattepliktig fordel for leigetakarar i Forsvarets tenestebustader etter den allmenne regelen om skatteplikt for fordel ved heilt eller delvis fri bustad i arbeidsforhold. Etter departementet sitt syn vil det vere lite føremålstenleg om dei enkelte likningskontora må gjenomføre ei individuell vurdering av om det skal bli utrekna skattepliktig fordel for den enkelte leigetakar.

Departementet foreslår derfor at det blir innført eit varig skattefritak for bruk av Forsvaret sine tenestebustader. Departementet viser til forslag til endring av skatteloven § 5-15 første ledd bokstav l. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2001.

## 5 Gåver til visse frivillige organisasjoner

### 5.1 Innleiing

---

I samband med handsaminga av St. prp. nr. 61 uttalte finanskomiteen i Innst. S. nr. 220 (1999-2000) punkt 3.19:

«*Komiteen viser til Ot. prp. nr. 30 (1999-2000) og Innst. O. nr. 62 (1999-2000) hvor den foreslår avgrensning om at organisasjonene må ha minst 3000 medlemmer pr. 1. januar i det året gaven gis, som er identisk med skattelovens § 6-50, ble for problematisk. En slik avgrensning ville ekskludere små organisasjoner og organisasjoner som ikke kan basere sin virksomhet på medlemmer. Avgrensningen ble derfor endret til å omfatte frivillige organisasjoner som har et nasjonalt omfang. Komiteen mener derfor at vedtaket i forbindelse Innst. O. nr. 12 (1999-2000) må endres i overensstemmelse med vedtak om ideelle fond. Komiteen ber på denne bakgrunn departementet fremme forslag til endring av skatteloven § 6-50 (2).*

*Komiteen viser videre til at de ikke er enig i at fradragsretten vedrørende kulturvern skal begrenses til virksomhet til vern av kulturminner som er fredet etter kulturminneloven. Dette kriteriet er for innskrenkende, da det bl.a. vil ekskludere museene. Komiteen ber derfor departementet om at det i lovendringsforslaget som kommer senere i år, endrer kriteriene punkt f til kulturvern, miljøvern, naturvern og dyrevern.»*

### 5.2 Nasjonalt omfang

---

Etter forslag i Innst. O. nr. 62 (1999-2000) kan verdipapirfond vedta «*utdeling til frivillige organisasjoner som har et nasjonalt omfang og som oppfyller vilkårene i skatteloven § 6-50 første ledd og annet ledd tredje punktum.*» Denne avgrensingen er meint som ei erstatning for kravet om at organisasjonen skal ha 3000 eller fleire medlemmer. Det er skatteloven § 6-50 andre ledd første og andre punktum som angir kravet om 3000 eller fleire medlemmer. Tredje punktum gjeld krav om at stiftingar må vere offentleg godkjende og motta offentleg støtte. Innstillinga frå finanskomiteen (Innst. S. nr. 220 (1999-2000)), innebær at skatteloven § 6-50 andre ledd første og andre punktum skal endrast slik at den gjeld for selskap eller samanslutning som har nasjonalt omfang. Dagens tredje punktum blir andre punktum. Departementet viser til forslag til endring av skatteloven § 6-50 andre ledd.

Etter § 6-50 femte ledd har departementet heimel til å gi forskrift om mellom anna medlemskap. Ordet medlemskap blir stroke, fordi det ikkje vil vere aktuelt å gi reglar om medlemskap når kriteriet om 3000 eller fleire medlemmer blir oppheva.

Opphevinga av kravet til 3000 medlemmer medfører at organisasjonar som har 3000 eller fleire medlemmer, men som ikkje har nasjonalt omfang, ikkje lenger vil vere omfatta av frådragsordninga. Departementet gjer framlegg om at skattytar som har gitt gave til slike organisasjonar før lovendringa trer i kraft, skal behalde sin frådragsrett.

**5.3 Kulturvern**

---

Departementet fremmer forslag i samsvar med finanskomiteen si uttale i Innst. S. nr. 220 (1999-2000) og viser til lovforslag om endring av skatteloven § 6-50 første ledd bokstav f.

## **6 Presisering av reglane om frådragsrett for naturressursskatt som følgje av omlegging til rein statsskatt for etterskotspliktige**

Skatteloven § 18-2 første ledd fastsett at skattytar som eiger kraftverk, eller som har rett til uttak av kraft, skal svare naturressursskatt til dei kommunane og fylkeskommunane som blir tilordna kraftanleggsformuen. Naturressurs-skatten blei innført for å sikre kommunar og fylkeskommunar stabile skatteinntekter, og ikkje for å auke skatteinntekter for kraftforetaka. Av denne grunnen blei det innført rett til å trekke frå naturressursskatten «i utlignet fellesskatt til staten», jf. skatteloven § 18-2 fjerde ledd.

Frå og med inntektsåret 1998 er aksjeselskap og andre etterskotspliktige skattytarar berre skattepliktige til staten, og skal ikkje lenger betale fellesskatt. Dette går fram av ny § 3-3 i Stortinget sitt skattevedtak for inntektsåret 1999 som fastsett at etterskotsskattepliktige selskap og innretningar skal svare skatt til staten med 28 prosent.

Som følgje av dette foreslår departementet tilføyinger i skatteloven § 18-2 fjerde ledd, slik at bestemmelsen blir tilpassa dei endringane som skjedde ved omlegginga til rein statsskatt for etterskotsskattepliktige. Naturressursskatten vil etter dette komme til frådrag i utlikna inntektsskatt til staten. For forskotsskattepliktige skattytarar med plikt til å svare naturressursskatt vil den opphavlege bestemmelsen framleis gjelde.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks, og med verknad frå og med inntektsåret 2000. For inntektsåret 1999 legg ein ikkje fram noko forslag om lovendring, då skatteloven av 18. august 1911 nr. 8 blei oppheva ved siste årsskifte.

Departementet legg til grunn at også skatteloven av 1911 § 19 A-2 nr. 4 må forståast slik at for etterskotsskattepliktige skal naturressursskatten komme til frådrag i utlikna inntektsskatt til staten for inntektsåret 1999, jf. Stortinget sitt skattevedtak § 3-3.

Departementet viser til forslag til endring av skatteloven § 18-2 fjerde ledd.

## 7 Endringar i reglane om betaling av skatt for fiskarar

### 7.1 Innleiing og samandrag

---

Ei arbeidsgruppe nedsett av Finansdepartementet la 1. juni 1990 fram ei innstilling i form av NOU 1990:18 «Beskatning av fiskere». Utvalet foreslo endringar i reglane om skattlegging av fiskarar, inkludert reglane om betaling av skatt på forskotsstadiet. Desse forslaga samt eit høyringsnotat utarbeidd av Finansdepartementet om avvikling av produktavgifta blei våren 1991 sendt på høyring. Det blei ikkje fremma lovforslag i samsvar med høyringsutkastet. Etter Finansdepartementet sitt syn er det, uavhengig av dei andre forslaga i høyringsutkastet, behov for å følgje opp forslaget om å endre reglane om betaling av skatt på forskotsstadiet.

Etter lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt (skattebetalingslova) § 1 skal fysiske personer betale forskot på skatt, anten i form av forskotstrekk eller i form av utskriven forskotsskatt. Som eit tillegg til den ordinære ordninga er det i fiskerinæringa ei særskilt ordning med sikringstrekk. Sikringstrekket tenar som ein ekstra tryggleik for oppgjeret frå arbeidsgivaren for forskotstrekk og for utskriven forskotsskatt for oppgjermottakarar som ikkje er arbeidsgivarar.

Finansdepartementet meiner at det ikkje lenger er behov for ei slik særordning. Departementet foreslår derfor å avskaffe ordninga med sikringstrekk i fiskerinæringa.

### 7.2 Gjeldande rett

---

Dei allmenne reglane i skattebetalingslova av 21. november 1952 nr. 2 gjeld også for fiske- og fangstverksemda. Arbeidsgivarar innafor fiske- og fangstverksemda har plikt til å gjere vanleg forskotstrekk i lønneutbetalingar, jf. skattebetalingslova § 4. Skattebetalingslova § 5 nr. 1 bokstav d bestemmer at forskotstrekk også skal gjerest i lott eller part som blir utbetalt til aktive deltarakar i denne verksemda. Desse reknast i dei fleste tilfella som næringsdrivande i høve til skattesystemet.

Med heimel i skattebetalingslova § 7 nr. 3 fjerde punktum har departementet gitt nærmare reglar om grunnlaget for utrekninga av forskotstrekket, jf. forskrift av 20. desember 1956 om gjennomføring av skattetrekk ved fiske- og fangstvirksomhet. Med heimel i skattebetalingslova § 12 er det gitt særreglar om oppgjer for forskotstrekk frå arbeidsgivaren, jf. forskrift av 22. desember 1998. Arbeidsgivaren er økonomisk ansvarleg for gjennomføringa av skattetrekk og for at oppgjer blir gitt i samsvar med gjeldande reglar, jf. skattebetalingslova § 49 nr. 1.

Med heimel i skattebetalingslova § 12 nr. 4 er det gitt særreglar i forskrift av 26. oktober 1956 nr. 1 om trekk i salgsoppgjør ved fiske- og fangstvirksomhet (sikringstrekk). Reglane inneber at salslag og andre som kjøper fisk i før-

stehand er pålagt å halde tilbake ein prosentvis del av salsprisen for levert fangst. Ved avgjerd av 14. november 1974 har Skattedirektøren bestemt at satser skal vere 12 prosent. Sikringstrekk er ei særordning for oppgjer av forskotstrekk og forskotsskatt i ytingar innafor fiske- og fangstverksemda. Sikringstrekket tener som ekstra trygging av oppgjer frå arbeidsgivar for forskotstrekk av ytingar som nemnt i skattebetalingslova § 5 nr. 1 bokstav d, det vil seie forskotstrekk av lott eller part. Sikringstrekket tenar også som ekstra trygging av oppgjer for forskotsskatt frå oppgjersmottakarar som ikkje er arbeidsgivarar (einefiskarar), jf. skattebetalingslova § 12 nr. 5.

Sikringstrekk som kjøparane (salslag eller andre som kjøper fisk i førstehand) har halde att skal haldast på særskilt bankkonto, jf. skattebetalingslova § 12 nr. 4 andre ledd tredje punktum jf. forskrift av 26. oktober 1956 nr. 1 § 4. Sikringstrekk for oppgjersmottakar som er arbeidsgivar skal betalast inn til kommunekasseraren i skattekommunen til oppgjersmottakaren. Beløpet skal godskrivast arbeidsgivaren som innbetaling på forskotstrekk i ytingar etter skattebetalingslova § 5 nr. 1 bokstav d. Reglar om dette finnast i forskrift av 18. oktober 1985 nr. 1879 § 1 og forskrift av 26. oktober 1956 nr. 1 § 6 første og andre ledd. Sikringstrekk for oppgjersmottakar som ikkje er arbeidsgivar (einefiskar) betalast til skattefuten i det fylket kjøparen har forretningsstad og godskrivast oppgjersmottakaren som innbetaling av forskotsskatt. Reglar om dette finnast i forskrift av 18. oktober 1985 nr. 1879 § 4 og forskrift av 26. oktober 1956 nr. 1 § 6 tredje ledd.

I forskrift av 19. august 1963 nr. 9921 om kontroll hos fiskekjøperne med gjennomføringen og oppgjøret av sikringstrekk er det gitt nærmare reglar om kontroll hos salslag og andre som kjøper fisk i førstehand, jf. skattebetalingslova § 47 nr. 4.

Ordninga med sikringstrekk blei utvikla i ein periode då fiskarane ikkje var pålagt rekneskapsplikt. Etter lov av 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap mv. gjeld dei alminnelege reglane for rekneskapsplikt også for fiskarar. Rekneskapsplikta inneber mellom anna at den næringsdrivande må føre lønnsreknskap, jf. forskrift av 6. mai 1999 nr. 544 om regnskapssystem, registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsopplysninger § 3-3.

Dei fiskarane som ikkje har rekneskapsplikt, men som er arbeidsgivarar, har likevel plikt til å føre lister over utbetalingane av lønn, jf. forskrift av 22. desember 1998 nr. 1263 om arbeidsgivers regnskapsføring og oppgjør for skattetrekk mv. § 4.

Vidare har arbeidsgivarar innafor fiske- og fangstverksemda plikt til å sende lønnsoppgåver på samme måte som andre arbeidsgivarar, jf. ligningsloven § 6-14 nr. 2, jf. § 6-2 nr. 1 bokstav i.

### **7.3 Høyring**

---

Departementet sende ved brev av 28. januar d. å. eit notat med forslag om oppheving av reglane om sikringstrekk på høyring. Frist for fråsegn var 30. april.

Følgjande instansar har ingen merknader til forslaget: *Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Justis- og politidepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Sosial- og helsedeparte-*

*mentet, Akademikerne, Kommunenes Sentralforbund, Riksrevisjonen og Sjøfartsdirektoratet.*

Følgjande instansar er samde i realiteten i forslaget: *Fiskeridepartementet, Skattedirektoratet, Arbeidsdirektoratet, Fiskebåtredernes Forbund, Forbund for Kommunal Økonomiforvaltning og Skatteinnfordring, Landslaget for Regnskapskonsulenter, Ligningsutvalget, Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening, Norsk Bedriftsforbund, Skattebetaleralforeningen, Skatteetatens Landsforening og Skattefogdene Landsforening.*

*Fiskeridepartementet* er samd i hovedkonklusjonen i forslaget, men uttaler vidare:

«Fiskeridepartementet er imidlertid enig med merknadene fra Norges Fiskarlag, hvor disse påpeker at det bør være fleksibilitet med hensyn til rapportering og innbetaling av forskottstrek, slik at dagens praksis med innbetaling av forskottstrekket på oppgjørstidspunktet videreføres. Vi vil også be Finansdepartementet om å utforme regelverket slik at denne omleggingen i så liten grad som mulig skal medføre merarbeid og økte kostnader for fartøyeierne. Regelverket må tilpasses den faktiske situasjonen i fiskeflåten, som består av mange små enheter med begrenset administrativt apparat.»

*Skattedirektoratet* er samd i forslaget om å oppheve sikringstreksordninga slik at oppgjer for skatt ved fiske- og fangstverksemda følgjer dei allmenne reglane i skatteinntakslova. Skattedirektoratet peikar på at:

«... skatteinntakslova § 5 nr. 1 bokstav d etter ordlyden ikke avgrenses mot fiskere som må anses som selvstendig næringsdrivende (slik det gjøres i bokstav a). Den som selger og mottar oppgjør for fangsten, skal således etter ordlyden foreta forskuddstrekk i lott eller part som utbetales til andre deltagere selv om disse vil være selvstendig næringsdrivende, jf. også forskrift av 20. desember 1956 om gjennomføring av skattetrekk ved fiske- og fangstvirksomhet §§ 1 og 3 annet ledd. Skattedirektoratet mener det bør overveies en nærmere vurdering av ordlyden i bestemmelsen.»

*Norges Fiskarlag* uttaler:

«Norges Fiskarlag er ut fra en totalvurdering skeptisk til at ordninga med sikringstrekk avskaffes....».

Laget viser mellom anna til strukturen i bransjen. Næringa består av mange små driftseiningar, særleg er einmannsbåten ei utbreidd driftsform. I tillegg svinger inntektene i stor grad mellom dei ulike periodane på året og åra i mellom. Vidare gir ordninga skattekreditorane ekstra tryggleik for innbetaling av skatt. Norges Fiskarlag peikar på at avviklinga av sikringstrekket kan føre til at restansane på skatt frå fiske- og fangstverksemda aukar og at det må nyttast fleire ressursar til innkrevjing av skatt.

Norges Fiskarlag uttaler at skattetrekk på alle forskot til mannskap vil føre med seg monaleg ekstra arbeid for reiarlag/rekneskapskontor. For dei mindre einingane med små administrative ressursar vil ordninga vere kostnadskrevjande og heller ikkje naudsynt. Norges Fiskarlag ser gjerne at ordninga med rapportering og innbetaling av forskottstrek blir meir fleksibel for fiske- og fangstverksemda enn ordninga etter dei allmenne reglane. Det er mellom anna ønskje om at tidspunktet for gjennomføring og innbetaling av for-

skotstrekk ikkje blir knytt til faste datoar, men i staden til tidspunktet for oppgjer med avrekning til lottakarane, og seinast når vedkommande fiske eller fangst er slutt og oppgjer for seld fangst er motteken.

#### **7.4 Departementet sine vurderingar**

---

Departementet sitt allmenne syn er at det ordinære forskotssystemet for skatt av fiske- og fangstinntekter - med visse tilpassingar - bør vere tilstrekkeleg til å sikre skatteinntekta på dette området. Tilleggssikringa i form av sikringstrekk bør berre førast vidare dersom ein måtte vente seg ein ikkje godtakbar svikt i skatteinntekta ved å ta bort tilleggssikringa. Departementet kan ikkje sjå at det ligg nokon slik risiko i å ta bort ordninga med sikringstrekk.

Det ordinære forskotssystemet i fiske og fangst sikrar normalt at skatt blir trekt i utbetalingar til lønnstakarer og lottfiskarar, og at trekkbeløpa blir overførte til skatteoppkrevjaren. Ein kan ikkje utelukke svikt ved at enkelte trekkpliktige utbetalarar ikkje etterlever pliktane sine, men det er ikkje spesielt for fiske og fangst. Manglande trekk (altså for stor netto utbetaling) fritek ikkje for betalingsansvar for det beløp som skulle ha vore trekt, og kan også leie til straffansvar. Ein kan heller ikkje utelukke pliktbrot i ordninga med sikringstrekk. Samla sett er det ikkje grunnlag for å seie at sikringstrekk (i tillegg til forskotstrekk) gir ein vesentleg tryggare pengestraum inn til skatteoppkrevjarane, enn forskotstrekk aleine. Det er heller ikkje grunnlag for å seie at det etter høva er fleire därlege skatteinntektarar i fiske og fangst enn i andre næringsgreiner. Omsynet til lik handsaming av ulike næringsgreiner taler mot ei særleg skatteinntektsordning for fiske og fangst.

Historisk sett kan ordninga med sikringstrekk sjåast som eit tiltak for å flytte ein del av trekkpliktta til første utbetalingsledd, normalt fiskesalslag. Desse har eit administrativt apparat og kan sjåast som meir profesjonelle enn den enkelte arbeidsgivar om bord (reiarlag, hovedsmann mv.), som normalt er neste utbetalingsledd på vegen frå salslaget til den enkelte fiskar som bemanner båten. Men desse neste utbetalingsledda sparar ikkje noko kontor- og rekneskapsarbeid av di fiskesalslaget har gjort eit allment 12 prosent sikringstrekk i salsoppgjaret for båten sin fangst. Reiarlag, hovedsmann mv. har like fullt det vanlege arbeidsgivaransvaret som skal oppfyllast, mellom desse også rekneskapsplikt for utbetalingane til den enkelte fiskar om bord. For så vidt blir det eit meirarbeid å samordne salslaget sitt sikringstrekk med desse arbeidsgivarpliktane i neste ledd. Det er jo ikkje meinings å ha for mykje (dobbel) trekk, berre at sikringstrekket skal vere eit forskot i første betalingsledd på forskotstrekket i neste ledd.

Det ordinære forskotstrekket gjeld alle fiskarar som ikkje har eigarinteresser i båten, utan omsyn til om inntekta deira om bord er fastlønn, daglønn eller lottinntekt. Sikringstrekk blir då ei tilsvarende svakt grunngitt ordning for alle desse fiskarane.

Fiskarar som er båteigarar, t.d. einefiskarar og aktive andelseigarar mv., har ikkje forskotstrekk i sine salsinntekter, av di salsinntektene for ein stor del går til drift av båten. I staden har dei forskotsskatt i 4 terminer i året. Forskotskatten blir utskriven av likningskontoret på grunnlag av registrerte data om tidlegare års skattepliktige næringsoverskot mv. Det er vanskeleg å tilpasse

eit prosentvis sikringstrekk hos salslaget til desse skattebetalingane. På same måten som for andre næringsdrivande må det vere forsvarleg å basere skatteinntektsordninga i fiske og fangst på slike terminoppgjør, når skattyteren får bruttoinntekt si i hende utan forskotstrekk.

At fiske- og fangstintekter er sesongbasert og kan svinge mykje gjennom året og frå år til år, er etter departementet sitt syn ikkje noko sterkt argument for ei ekstra betalingssikring for skatt. Mange bransjar har store inntekts- og sesongvariasjonar. Den ordinære betalingsordninga for skatt tek omsyn til dette, men krev samstundes at skattetrekkmidlar skal forvaltast trygt og innbetalast ved forfall annan kvar månad. Ein kan ikkje nytte trekkmidlar til finansiering av drifta, sjølv om lønneutbetalinger med trekk ofte må gjerast før salsoppgjær for fangst kan dekkje lønnene. For næringsdrivande einefiskarar mv. med forskotsskatt i terminar i staden for forskotstrekk, er det gjennom dialog med likningskontoret mogleg å få storleiken på terminane tilpassa inntektsfa-sene i året.

Det tyngste motargument mot å ta bort ordninga med sikringstrekk er at denne ordninga sikrer det offentlege mot insolvensrisiko hos dei trekkpliktige arbeidsgivarane og dei skattepliktige einefiskarane mv. Men faktisk insolvens og avskriving av tapte skattekrav vil det berre bli i eit lite antall høve på dette området. Departementet finn det ikkje rett å halde på ei allmenn ordning med sikringstrekk, av di ein liten del av dei personane ordninga vil gjelde for, kan disponere midlane sine slik at dei råker ut i insolvens. Heller ikkje slik svikt er spesiell i denne bransjen. Det offentlege må kunne ta den same risikoen for insolvens her som i andre bransjar.

Innanlands sal av fangst vil ofta vere meirverdiavgiftspliktig for bådeigaren. På dette avgiftsområdet har ein klart seg utan nokon ordning med trekk for å sikre avgiftsbetalinga frå bådeigaren til skattefogden. Meirverdiavgift av brutto omsetning kan ofte bli eit høgare beløp enn skatten av overskotet frå omsetninga. Det blir då noko tilfeldig at inntektsskatten har ei ekstra sikring som ikkje meirverdiavgifta har.

Departementet kan etter dette ikkje sjå at innvendingane frå Norges Fiskarlag i høyringa bør vere avgjerande. Departementet legg serleg vekt på at den ordinære forskotsordninga i seg sjølv inneheld ei god betalingssikring, og at det ikkje er naudsynt å ha ei strengare skatteinntektsordning for fiske- og fangstintekter enn for andre skattepliktige yrkesintekter. Det blir ikkje gjort framlegg om endring i reglane om forskottstrekk i fiske og fangst no. Departementet kan derfor ikkje sjå at opphevinga av reglane om sikringstrekk vil føra med seg monaleg meirarbeid for dei trekkpliktige.

Ei oppheving av ordninga med sikringstrekk vil ikkje påverke systemet for produktavgift, som i seg sjølv er ei førsteleddsavgift. Omsynet til denne avgifta kjem derfor ikkje inn i vurderinga her.

Med opphevinga av reglane om sikringstrekk fell også særordninga med betaling av sikringstrekk til skattefuten bort. Oppgjær for trekt forskot på skatt skal betalast til skatteoppkrevjaren. Av den grunn er det ikkje behov for heimelen i skatteinntektsordninga § 12 nr. 4 første punktum. Lovas § 12 nr. 1 siste punktum held fram som heimel for særreglar om oppgjær og betaling av forskottstrekk.

Departementet foreslår etter dette å oppheve reglane om sikringstrekk.

Ein syner til forslaget om å oppheve skattebetalingslova §§ 12 nr. 4 og 5, 46 nr. 3, 47 nr. 4, 49 nr. 1 første ledd siste punktum. Det blir også synt til forslaget om å endre skattebetalingslova § 51 nr. 1 første ledd og at § 47 nr. 5 skal bli § 47 nr. 4.

### **7.5 Økonomiske og administrative følgjer**

---

Som nemnt under 6.4 vil oppheving av ordninga med sikringstrekk berre i liten grad auke risikoen for at skatterestansane og skattetap ved insolvens blir større. Denne risikoen haldast for å vere akseptabel. Opphevinga inneber at salslaga og andre kjøparar av fisk i førstehand ikkje lenger blir pålagde oppgåva med sikringstrekket. Dette ser departementet som positivt. Også for skattestyresmaktene vil det bli ei forenkling ved at ei teknisk komplisert og avvikande ordning blir oppheva. Skattedirektoratet har i samband med utvikling av nytt forvaltningssystem for felles innkrevjing (SKARP) uttalt at vidareføring av ordninga vil komplisere utviklinga av det nye systemet.

### **7.6 Når endringane tek til å gjelde**

---

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2001 med verknad for salsoppgjer som blir betalt frå og med denne dato.

## 8 Oppretting og presisering av lovtekst

### 8.1 Presisering av skatteloven § 6-32 fjerde ledd

---

I Innst. O. nr. 53 (1999-2000) foreslo finanskomiteen endringar i skatteloven § 6-32 om utrekning av minstefrådrag. Komiteen viste til at det ved handsaminga av budsjettet for 2000 blei vedteke reglar om ei særskild nedre grense på 30 600 kroner for minstefrådrag i arbeidsinntekt mv., jf. skatteloven § 6-32 første ledd. Slik paragrafen var utforma, ville den gi utilsikta gunstige verknader for ein skattytar som har budd i riket berre ein del av inntektsåret, eller som har mellombels opphold i riket. Det same ville gjelde for skattytarar som er busett i utlandet og som tek i mot vederlag eller liknande frå selskap som høyrer heime i Noreg. På bakgrunn av dette foreslo finanskomiteen endringar i skatteloven § 6-32 fjerde ledd. Paragrafen blei endra i tråd med finanskomiteen sitt forslag ved lov av 14. april 2000 nr. 30. Endringa trådte i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2000.

Etter lovendringa skal ein avkorte « *minstefrådraget etter det antall hele eller påbegynte måneder av inntektsåret skattytaren har vært bosatt i riket*». Dersom ein legg ordlyden til grunn, vil skattytar kunne få eit lågare minstefrådrag enn det han hadde krav på etter reglane som gjaldt før den særskilde nedre grensa blei vedteken. Dette var ikkje ein tilsikta konsekvens av endringa. Det er den *øvre og den nedre grensa for minstefrådrag* som bør bli avkorta avhengig av talet på dei månadene opphaldet har vart, og ikkje *minstefrådraget*. Eit rekneeksempl kan illustrere skilnaden mellom dei to metodane å rekne ut minstefrådraget på:

Ein skattytar har opphold i landet i 3 månader, og har ei inntekt på 80 000 kroner. Nedre grense for minstefrådrag blir  $30\ 600\ \text{kroner} * 3/12 = 7\ 650\ \text{kroner}$ , medan øvre grense for minstefrådrag blir  $36\ 600\ \text{kroner} * 3/12 = 9\ 150\ \text{kroner}$ . *Alternativ 1*: Etter første ledd skal ein skattytar med inntekt på 80 000 kroner ha eit minstefrådrag som svarer til den nedre grensa, dvs. 30 600 kroner, dersom han har opphold i landet i 12 månader. Dersom ein legg til grunn ordlyden i § 6-32 fjerde ledd, skal minstefrådraget i eksempelet svare til avkorta nedre grense for minstefrådrag, dvs. 7 650 kroner. *Alternativ 2*: Dersom ein ikkje legg til grunn at ein skal avkorte minstefrådraget etter talet på dei månadene opphaldet har vart, blir minstefrådraget i eksempelet  $80\ 000\ \text{kroner} * 0,22 = 17\ 600\ \text{kroner}$ . Sidan øvre grense for minstefrådraget er 9 150 kroner, skal dette beløpet likevel utgjere minstefrådraget. Skilnaden mellom alternativ 1 og 2 utgjer altså 1 500 kroner i dette eksempelet.

Etter departementet sitt syn er det ikkje grunnlag for at ein skattytar i slike tilfelle skal komme i ein skattemessig mindre gunstig posisjon etter innføringa av den særskilde nedre grensa i minstefrådraget. Skatteloven § 6-32 fjerde ledd er derfor på forskotsstadiet tolka i tråd med alternativ 2 ovanfor for inntektsåret 2000. Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om at § 6-32 blir presisert i tråd med dette, med verknad frå og med inntektsåret 2000.

## **8.2 Skatteloven § 5-14 tredje ledd - opsjonar i arbeidsforhold**

---

I Ot.prp. nr. 45 (1999-2000) blei det foreslått endringar i skatteloven § 5-14 tredje ledd om skattlegginga av opsjonar i arbeidsforhold. Endringa blei vedteken ved lov av 23. juni 2000. Endringa medfører at ikkje-børsnoterte opsjonar ikkje skal lønnsskattleggjast ved tildeling, men berre ved innløysing/sal. Børsnoterte opsjonar skal lønnsskattleggjast både ved tildeling og innløysing/sal. § 5-14 tredje ledd inneheldt tidlegare ein heimel for departementet til å gi forskrift. Heimelen blei ikkje foreslått ført vidare. Forskrifta med nemnde heimel gjaldt i hovudsak skattlegginga ved tildeling av opsjonen, noko som ikkje er naudsynt no. Det er likevel behov for forskrift til utfylling av § 5-14 tredje ledd, m.a. for å oppretthalde regelen om at same lempingsreglar som gjeld ved tilsette sine kjøp av aksjar til underkurs skal gjelde også ved innløysing av opsjon. Departementet fremmer derfor forslag om en heimel for departementet til å gi reglar til utfylling og gjennomføring av § 5-14 tredje ledd. Departementet at foreslår endringa trer i kraft frå og med inntektsåret 2000.

## **8.3 Opprettningar i skatteloven**

---

I følgje skatteloven § 2-2 første ledd bokstav g skal interkommunale selskap der deltarane har delt ansvar for pliktene til selskapet, liknast som eigne skattesubjekt. Paragrafen viser til selskapsloven § 1-1 femte ledd for å klargjere kva for selskap det her er snakk om. Ved lov av 29. januar 1999 nr. 6 blei det vedteke ny lov om interkommunale selskap. I samband med dette blei også selskapsloven § 1-1 femte ledd endra. Etter denne lovendringa er det ikkje lenger naturleg å vise frå skatteloven § 2-2 første ledd bokstav g til selskapsloven § 1-1 femte ledd, men til lov om interkommunale selskaper, fordi slike selskap no er regulert i denne loven.

I skatteloven § 10-10 andre og tredje ledd er det gitt ein definisjon av kva uttrykka «aksjonær» og «aksje» skal jamstellast med *i dette kapittelet*. Ordlyden i andre og tredje ledd er ført direkte vidare frå selskapsskatteloven av 1991 § 3-1 andre og tredje ledd. I den sist nemnde lova sto paragrafen i eit eige kapittel om skattlegging av utbytte. Når skatteloven § 10-10 viser til *dette kapittel*, viser den til langt fleire paragrafer enn dei som omhandlar skattlegging av utbytte. Det har ikkje vore tilskikta noko realitetsendring her. Departementet legg derfor fram forslag om å endre ordlyden i skatteloven § 10-10 andre og tredje ledd, slik at det blir vist til dei paragrafane som gjeld utbytte, det vil seie §§ 10-10 til 10-13.

Etter skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav e skal « *Nedskrivningsbeløpet etter b og c tas til inntekt ved utløpet av det påfølgende inntektsåret, i den utstrekning beløpet ikke motsvarer tap i inntektsåret.* » I følgje ordlyden i skatteloven av 1911 § 50 andre ledd som regulerte dette tidlegare, skal også frådrag som omtalt i § 14-5 fjerde ledd bokstav d handsamast på denne måten. Departementet foreslår derfor ei endring i skatteloven § 14-5 fjerde ledd bokstav e slik at bokstaven omfattar nedskrivningsbeløp etter bokstav b, c og d.

I skatteloven § 14-48 første ledd siste punktum er det vist til §§ 14-15 til 14-48. Paragrafen som svarer til denne i skatteloven av 1911, er § 44A-10, som viser til § 44A. Endringa kom inn i loven i samband med vedtakinga av ny skattelov. Det har ikkje vore sikta til å gjere nokon realitetsendring på dette punktet. Departementet foreslår derfor at skatteloven § 14-48 første ledd siste punktum

tum blir endra slik at det i § 14-48 første ledd siste punktum blir vist til §§ 14-40 til 14-48.

Departementet viser til forslag til endringar i skatteloven §§ 2-2, 10-10, 14-5 og 14-48.

#### **8.4 Opprettingar i skattebetalingslova**

---

Etter skattebetalingslova § 23 nr. 2 første punktum skal ein leggje renter til restskatt etter reglar i forskrift. Forskriftskompetansen blei ved lov av 18. desember 1998 nr. 73 flytta frå Kongen til departementet, og det var ei tilsikta flytting. Men ved lov av 26. mars 1999 nr. 14 blei forskriftskompetansen ved eit mistak ført attende til Kongen. Sidan den sistnemnde endringa ikkje var til-sikta, foreslår departementet at skattebetalingslova § 23 nr. 2 første punktum blir endra slik at forskriftskompetansen på ny blir lagd til departementet.

I samband med teknisk revidert skattelov blei skattebetalingslova § 37 nr. 1 endra. I første punktum blei tilvising til skatteloven av 18. august 1911 nr. 8 § 16 første, andre eller sjette ledd bytt ut med ei tilvising til skatteloven §§ 2-10, 2-11 fjerde ledd eller 2-12 bokstav a. Etter skatteloven av 18. august 1911 nr. 8 § 16 sjette ledd første punktum skal formue som hører til ektefellar som blir likna særskilt etter § 16 fjerde ledd takast med ved likningen av den av ektefellane som har høgast nettoinntekt. Etter § 16 sjette ledd andre punktum vil det same gjelde for formue som ektefellenes barn har, når den skal liknест saman med foreldra si formue etter § 16 sjuande eller åttande ledd. Skatteloven § 2-14 tredje ledd bokstav a svarer til § 16 sjette ledd andre punktum i den tidlegare skattelov. I skattebetalingslova § 37 nr. 1 første punktum er det derimot ikkje vist til § 2-14 tredje ledd bokstav a. Sidan ei endring ikkje har vore til-sikta, foreslår departementet at skattebetalingslova § 37 nr. 1 første punktum blir endra slik at den også viser til skatteloven § 2-14 tredje ledd bokstav a.

Etter den gamle skattelova § 31 andre ledd var alle typer deltakerlikna selskap (anvarleg selskap, kommandittselskap, indre selskap, partreibiarlag mv.) omfatta av det subsidiære betalingsansvaret for deltararane sin skatt knytt til selskapet. I samband med den teknisk reviderte, nye skattelova av 1999 blei reglane om dette subsidiære ansvaret flytt til skattebetalingslova § 37 ny nr. 3. Ved eit mistak blei då ordlyden § 38 nr. 3 for smal, slik at berre anvarleg selskap kom med. Det var ikkje til-sikta å ta kommandittselskap og andre deltakerlikna selskap ut av denne gamle ordninga med subsidiært skatteansvar for deltararane. Departementet foreslår at dette rettast opp, ved at ordlyden i skattebetalingslova § 37 nr. 3 blir utvida til å gjelde alle deltakerlikna selskap. Dette gjerast ved ei tilvising til ny skattelov § 2-2 andre ledd bokstav a til e, som definerer alle typer deltakerlikna selskap.

Departementet viser til forslag til endringar i skattebetalingslova §§ 23 nr. 2 og 37 nr. 1 og nr. 3.

## 9 Omtale av eigedomsskatt på anlegg for overføring og distribusjon av elektrisk kraft

Ved kgl.res. 2. juli 1999 blei det bestemt at eigedomsskattelova § 8 skal tre i kraft frå 2001 for anlegg for *overføring og distribusjon* av kraft. Det vil seie at grunnlaget for eigedomsskatt på slike anlegg skal svare til verdien fastsett ved likninga året før skatteåret.

I Ot. prp. nr. 47 (1999-2000) foreslo departementet endringar i dei nye reglane for verdsetjing av anlegg for *produksjon* av elektrisk kraft med verknad frå skatteåret 2001 og i tråd med dei føresetnader finanskomiteen ga uttrykk for i Budsjett-innst. S. I (1999-2000). Om overføringsanlegga heiter det i proposisjonen avsnitt 1.5:

«Vedtaket om å sette i kraft eigedomsskattelova § 8 fra 1. januar 2001 omfatter også overføringsanleggene for elektrisk kraft. Også for disse vil grunnlaget for eiendomsskatten bli endret ved ikrafttredelsen. Selv om provenyet fra eiendomsskatten på disse anleggene samlet er langt mindre enn fra produksjonsanleggene, ser departementet at endringer i grunnlaget også her vil ha betydning for provenyet for de berørte kommunene. Dette ble ikke særskilt drøftet av departementet i Nasjonalbudsjettet 2000, og er heller ikke tatt opp av finanskomiteen i Budsjett-innst. S I (1999-2000). Det har innenfor den korte tiden som har vært til rådighet ikke vært mulig å foreta en fullstendig vurdering av reglene for disse anleggene. Dette har blant annet sammenheng med behov for å se nærmere på NVEs regler for regulering av avkastningen fra disse anleggene, som utgjør et naturlig monopol. Departementet tar sikte på å komme tilbake til dette i løpet av vårsesjonen.»

Formuesverdien for overføringsanlegg skal fastsetjast ved likninga og skal frå skatteåret 2001 også nyttast som eigedomsskattegrunnlag. Formuesverdien skal verdsetjast etter reglane i skattelova § 4-1 og § 18-5. Etter § 4-1 skal skattepliktig formue svare til omsetningsverdien. Dette svarer til det som gjaldt tidlegare ved taksering av overføringsanlegg etter den gamle byskattelova § 5, jf. eigedomsskattelova § 33 andre ledd. Praksis for taksering under byskattelova har teke utgangspunkt i teknisk verdi med frådrag for slit og elde. Etter skattelova § 18-5 åttande ledd etter endring av 23. juni 2000 (tidlegare tredje ledd) skal formuesverdien av overføringsanlegg ved likninga setjast lik skattemessig verdi pr. 1. januar i likningsåret. Det vil seie dei skattemessig nedskrivne verdiane av alle driftsmidlane i anlegget.

Regelen i skattelova § 18-5 åttande ledd blei vedteken som del av kraftskattereforma etter forslag frå departementet, jf. Ot. prp. nr. 23 (1995-96) avsnitt 12.5.4 og 12.5.3. Her går det fram at skattemessig verdi vart valt som den verdi som svarte til dei rekneskapsmessige verdiane som på dette tidspunkt også vart lagt direkte til grunn for Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) si utrekning av dei maksimale tariffane selskapa hadde lov til å ta. På denne bakgrunn vart dei skattemessige verdiane vurdert som det beste uttrykket for salsverdien av overføringsanlegg. I Innst. O. nr. 62 (1995-96) avsnitt 9.3 og 9.4 slutta fleirtalet i finanskomiteen seg til at formuesverdien skulle svare til skat-

temessig verdi og at verdien også skulle nyttast som grunnlag for eigedomsskatten.

Med verknad frå 1. januar 1997 har NVE endra reglane for utrekning av maksimale tariffar. Dei rekneskapsmessig verdiane aleine vert ikkje lenger avgjerande for fastsetjing av tariffane. Om det er tilstrekkeleg effektiv drift i det einskilde selskap, vert det også teke omsyn til dette ved fastsetjinga av tariffane. Det er med andre ord ikkje lenger like klårt at omsetningsverdien av anlegga svarer til rekneskapsmessig eller skattemessig verdi.

I ein dom frå Høgsterett av 12. februar 1999 om taksering av overføringsanlegg under byskattelova § 5, sjå Rt. 1999 s. 192, uttalte retten einstemmig om det å bygge verdien på grunnlaget for maksimale tariffar:

«- Selv om dette forholdet ikke er avgjørende for mitt syn på saken, nevner jeg også at takseringen for eiendomsskatt forutsetningsvis skal gjelde for perioder på 10 år, og at det derfor vil kunne være vanskelig å bygge på prisforskrifter som raskt kan endres. Som tidligere nevnt ble prisforskriftene vesentlig endret i 1997, og avkastningen avhenger nå av hvor effektivt det enkelte anlegget drives. De nye reglene illustrerer ytterligere problemer med å bygge på en avkastningsverdi.»

Litt lenger ut i dommen heiter det:

«Det kan nok sies at jeg her har gått langt i å anvende en objektivisert norm for verdsettelsen etter byskatteloven § 5 første ledd. Også i dommen i Rt 1994 333 ble det gitt uttrykk for tvil om hvor langt det vil være riktig å anvende dette prinsippet. Jeg er imidlertid blitt stående ved at både eiendomsskattens karakter av objektskatt og reelle hensyn tilslirer at NVE's prisregulering ikke er et egnet grunnlag ved eiendomsskattekaxteringen av overføringsanlegg.»

Departementet har ikkje hatt høve til å sluttføre vurderinga av verdsettjingsreglane for overføringsanlegga slik at denne kan presenterast i vårsesjonen. Jamvel om departementet legg fram si endelege vurdering av desse spørsmåla i haust, vil forslag om slike reglar av praktiske årsaker, berre kunne leggjast til grunn frå skatteåret 2001 dersom det ikkje er naudsynt å henta inn nye opplysningar frå skattytarane. Samtidig er det slik at kommunane skal gjere vedtak om budsjett før utgangen av året. På det noverande tidspunkt kan departementet ikkje førespeglia at kommunane kan få nokon avklåring om inntektene frå eigedomsskatten på overføringsanlegga i høveleg tid for innpassing i budsjettprosessen for 2001. Departementet tek på denne bakgrunn siktet på å fremje kongeleg resolusjon om å utsette iverksetjinga av § 8 for overføringsanlegg til skatteåret 2002.

## **10 Omtale av reglar om kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg**

### **10.1 Innleiing**

---

Ved lov av 23. juni 2000 blei dei nye reglane i skattelova § 18-5 om verdsetjing av *kraftproduksjonsanlegg* endra med verknad frå og med inntektsåret 2000. Dei endra verdsetjingsreglane skal også nyttast ved fastsetjing av egedomsskattegrunnlaget for kraftproduksjonsanlegg frå og med skatteåret 2001. Lovvedtaket var i samsvar med departementet sitt lovforslag i Ot.prp. 47 (1999-2000) og i tråd med dei føresetnader finanskomiteen ga uttrykk for i Budsjett-innst. S. I (1999-2000).

Etter dei nye reglane skal egedomsskattegrunnlaget fastsetjast under eitt for kvart kraftproduksjonsanlegg, det vil seie for kraftstasjonar inklusiv magasinar og reguleringsanlegg. For produksjonsanlegg som strekk seg over fleire kommunar, må det såleis etablerast reglar om fordeling av egedomsskattegrunnlaget mellom kommunane. Om arbeidet med kommunefordelingsreglar for egedomsskattegrunnlaget for slike større produksjonsanlegg, heiter det i Ot. prp. nr. 47 (1999-2000) i avsnitt 1.5:

«Når egedomsskattelova § 8 trer i kraft, vil reglene om verdsettelse av produksjonsanlegg medføre at større kommunekryssende anlegg skal verdsettes under ett. Departementet varslet i Ot. prp. nr. 23 (1995-96) s. 145 at en ville komme tilbake med forslag til nødvendige regler for fordelingen av eiendomsskattegrunnlaget i slike tilfeller. Etter forslag i Ot. prp. nr. 1 (1998-99) s. 49 ble det ved lov av 18. desember 1998 vedtatt en midlertidig regel om fordeling mellom kommuner. Departementet har etter dette engasjert NVE til å utrede grunnlaget for permanente fordelingsregler for kommunekryssende anlegg, og tar sikte på å komme tilbake med forslag til slike regler i løpet av vårsesjonen.»

### **10.2 Kommunefordeling av egedomsskattegrunnlag for kraftanlegg for skatteåret 2001**

---

Departementet kan likevel ikkje presentera arbeidet med utredning av nye, permanente fordelingsreglar i form av lovforslag i vårsesjonen, men tek sikte på å leggje fram forslag til slike fordelingsreglar i ein proposisjon innan utgangen av september d.å.

Om departementet i den varsle proposisjonen i løpet av september d.å. av praktiske eller prinsipielle årsaker, ikkje kan tilrå at nye, permanente fordelingsreglar skal nyttast for egedomsskattåret 2001, er alternativet - slik departementet ser det - at overgangsregelen av 18. desember 1998 blir lagt til grunn for utskrivinga av egedomsskatten på kraftanlegg i 2001. Departementet og Skattedirektoratet arbeider med sikte på utforming av reglar og forde-

lingsnøklar for mogleg bruk i skatteåret 2001 både etter overgangsregelen og etter nye, permanente fordelingsreglar.

Om bakgrunnen for overgangsregelen viser ein til Ot. prp. nr. 23 (1995-96), der departementet foreslo regelen om samla verdsetjing av kraftverk med reguleringsanlegg som hører til, slik den vart vedteken i den gamle skattelova § 37 bokstav a (jf. skatteloven av 1999 § 18-5). I Ot. prp. nr. 23 (1995-96) avsnitt 11.6, heiter det:

«Fordeling av eiendomsskattegrunnlaget mellom kraftkommuner ble ikke utredet av Rødseth-utvalget og er heller ikke tema for eindoms-skatteutvalget. Både fordi fordelingsnøklene for eiendomsskatteformål og inntekts- og formuesskatteformål etter gjeldende regler ikke er harmonisert og fordi det foreslås en overgangsregel for å fordele inntektsskatt mellom kommuner, foreslår departementet at den relative kommunefordelingen som gjelder for inntektsåret 1995 for eiendoms-skatten blir videreført som en overgangsregel.»

Det blei ikkje fremma konkrete forslag til lovreglar i proposisjonen, men i Innst.O. nr. 62 (1995-96) ga fleitalet i finanskomiteen si tilslutning til forslaget.

Departementet kom tilbake med konkrete lovforslag i Ot. prp. nr. 1 (1998-99). På det tidspunkt var det meininga å setje i kraft eigedomsskattelova § 8 den 1. januar 1999. Forslaget var at ein som overgangsregel skulle bruke den relative fordelinga mellom kommunane for det siste året før § 8 skulle tre i kraft, det vil seie eigedomsskatteåret 1998. Forslaget blei vedteke ved lov av 18. desember 1998 nr. 75 om overgangsregel til eigedomsskattelova § 8 som lyder slik:

«Når et kraftanlegg ligger i flere kommuner, skal skattegrunnlaget i kraftanlegget fordeles mellom kommunene i samme forhold som ved utskrivingen av eiendomsskatten for 1998.»

### **10.3 Om utsending av kommunefordelte eigedomsskattegrunnlag for skatteåret 2001**

---

Etter eigedomsskattelova § 14 skal eigedomsskatten så vidt råd vere utskriven og skattesetlar utsendt innan 1. mars i skatteåret. Eigedomsskattegrunnlaga for kraftproduksjonsanlegg for skatteåret 2001 skal fastsetjast av likningsstyre-maktene, jf. mellombels tillegg til eigedomsskattelova av 23. juni 2000. Skattegrunnlaga skal etter planen fastsetjast og sendast til skattytarane og kommunane seinast innan 1. november d.å. i samband med utlegginga av likninga.

Dei endra reglane om verdsetjing av kraftanlegg i høve til utskriving av eigedomsskatt, vil kunne føre til endring i kommunane sine inntekter av eigedomsskatt i høve til tidlegare år. Av omsyn til budsjettprosessen for 2001 er det såleis grunn til å skaffe kommunane avklaring av storleiken på eigedomsskatteinntektene så tidleg som råd er. Departementet - i samarbeid med Skattedirektoratet, tek derfor sikte på at kommunane innan månadsskiftet oktober/november også skal få tilsendt oppgåver med ei mellombels kommune-fordeling av dei fastsette eigedomsskattegrunnlaga for kommunekryssande kraftanlegg. Denne mellombels fordelinga av eigedomsskattegrunnlaga mel-lom kommunane skal vere i samsvar med det forslaget om kommuneforde-

lingsreglar for skatteåret 2001 som skal avklarast i den varsle proposisjonen i løpet av september. Endeleg kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaga kan fastsetjast straks forslaga om fordelingsregler for 2001 i den varsle proposisjonen i september blir vedtekne, og i god tid før fristen for utskriving av eigedomsskatt den 1. mars 2001.

## 11 Førehandstilsegner i skatte- og avgiftssaker

Finansdepartementet er i gang med å utarbeide forslag til reglar om bindande førehandstilsegner i skatte- og avgiftssaker. Forslaget er ei oppfølging av Næringslovutvalet sitt forslag om bindande førehandstilsegner i skattesaker og finanskomiteen sine merknader i Innst. S. nr. 145 (1998-99) Innstilling fra finanskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Per-Kristian Foss og Børge Brende om innføring av bindende forhåndstilsagn i skattesaker (Dok. nr. 8:39 (1998-99)).

I samband med finanskomiteen si handsaming av Dok. nr. 8:39 uttalte fleirtalet i komiteen at dei venta seg ein omtale i samband med Nasjonalbudsjettet 2000, med sikte på at departementet ville fremje lovforslag våren 2000. I St.prp. nr. 1 (1999-2000) Skatte-, avgifts- og tollvedtak blei det uttalt at Finansdepartementet tok sikte på å leggje fram proposisjon våren 2000.

Ettersom forslaget om innføring av bindande førehandstilsegner i skatte- og avgiftssaker vil ha følgjer for skatteetaten sitt budsjett, ønskjer Regjeringa å vurdere denne saka i samband med budsjettet for 2001.

Finansdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- 
- lov om endringar i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
  - lov om endringar i lov av 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
  - lov om endringar i lov av 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven).

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endringar i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
- lov om endringar i lov av 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringar i lov av 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

i samsvar med eit framlagt forslag.  
Tilråding frå Finansdepartementet ligg ved.

---

## **Forslag til lov om endringar i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt**

I lov av 21. november 1952 nr.2 om betaling og innkreving av skatt blir desse endringane gjort:

### I

§ 23 nr. 2 første punktum skal lyde:

Restskatt tillegges renter etter regler som fastsettes av *departementet*.

§ 37 nr. 1 første punktum skal lyde:

Når skatt er iliknet begge ektefeller under ett i medhold av skatteloven §§ 2-10, 2-11 fjerde *ledd*, 2-12 bokstav a *eller* § 2-14 tredje *ledd* bokstav a, kan det tas utlegg for skatten såvel i gjenstander som er fellesie, som i ektefellenes mulige særeiemidler.

§ 37 nr. 3 første punktum skal lyde:

Ved ligning av medlemmer i selskaper som nevnt i skatteloven § 2-2 annet ledd a - e er selskapet ansvarlig for skatt som ikke kan innkreves hos medlemmene.

### II

§§ 12 nr. 4 og nr. 5 opphevast

§ 46 nr. 3 opphevast

§ 47 nr. 4 opphevast

§ 47 nr. 5 blir nr. 4

§ 49 nr. 1 første ledd siste punktum opphevast

§ 51 nr. 1 første ledd skal lyde:

Den som er pliktig til å gjennomføre forskottstrekk etter § 4, jf. § 5, § 5A eller trekk etter pålegg som nevnt i §§ 33 og 34, og som forsettlig eller ved grov uaktsomhet unnlater å foreta eller sørge for at det blir foretatt beregning og trekk etter denne lovs kapittel II, eller trekk som er pålagt etter §§ 33 eller 34, straffes med bøter eller fengsel inntil 6 måneder.

### III

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2000. Endringane under II tek til å gjelde frå 1. januar 2001 med verknad for salsoppgjer som betalast frå og med denne dato.

## **Forslag til lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift**

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift blir desse endringane gjort:

### I

§ 42 blir oppheva.

§ 43 skal lyde:

Registreringspliktig næringsdrivende anses avgiftspliktig for sin omsetning i den utstrekning det ikke ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger foretatt i samsvar med regnskapsregelverket, ved annet regnskapsmateriale eller på annen måte som avgiftsmyndighetene godkjenner, *godtgjøres* at det ikke skal betales avgift av omsetningen.

§ 44 første ledd skal lyde:

Salgsdokument som *omhandler avgiftspliktige varer og tjenester* kan ikke utstedes før ved *levering medmindre* annet bestemmes av departementet.

§ 45 skal lyde:

Departementet kan gi forskrifter om plikt til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, herunder om innhold av salgsdokumenter for den som er pliktig å sende oppgave over omsetning mv. etter denne lov *eller i henhold til bestemmelser gitt med hjemmel i denne lov* for så vidt gjelder de beløp som skal medtas på oppgaven.

§ 46 skal lyde:

*Den som er pliktig å sende oppgave over omsetning mv. etter denne lov eller i henhold til bestemmelser gitt med hjemmel i denne lov, skal uten opphold legge fram, utlevere eller sende inn registrerte og dokumenterte regnskapsopplysninger, regnskapsmateriale og andre dokumenter av betydning for avgiftskontrollen når avgiftsmyndighetene forlanger det. Det skal også gis fullstendige opplysninger om forhold som myndighetene finner kan ha betydning for kontrollen. Det samme gjelder den som er pålagt regnskapsplikt etter regnskapsloven § 1-2 tredje ledd.*

Den næringsdrivende og de personer som er i hans tjeneste eller bistår ham, skal yte nødvendig veiledning og bistand og gi adgang til kontor- og bedriftslokaler. *Det samme gjelder den som er pålagt regnskapsplikt etter regnskapsloven § 1-2 tredje ledd.*

Andre næringsdrivende enn de som er nevnt i første ledd skal når avgiftsmyndighetene forlanger det, sende gjenpart av *næringsoppgave til ligningsmyndighetene* og gi de opplysninger om virksomheten som kreves *Det samme gjelder for gjenpart av årsregnskap og årsberetning dersom dette foreligger.*

§ 72 nr. 2 første ledd skal lyde:

Den som forsettlig unnlater å la seg registrere etter bestemmelsene i kap. VII eller å sende omsetningsoppgave etter bestemmelsen i kap. VIII eller kap. X, eller overtrer regnskaps- eller *dokumentasjonsbestemmelsene* i kap. XI eller bestemmelsene om opplysningsplikt i kap. XII, straffes med bøter eller fengsel inntil 3 måneder. Det samme gjelder overtredelse av forskrift gitt i medhold av disse bestemmelse *eller forskrifter om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger gitt i medhold av denne lov.*

II

§ 57 skal lyde:

Vedtak etter kap. XIII og § 73 kan påklages til Klagenemnda for merverdiavgift. *Klage til nemnda tas ikke under behandling uten samtykke av nemndas leder når klagegjenstandens verdi er under 15.000 kroner, renter ikke medregnet. Denne avgjørelsen kan ikke påklages. Klage som ikke tas under behandling i nemnda, avgjøres av Skattedirektoratet.* Departementet avgjør hvilket organ som skal være klageinstans for andre vedtak etter denne lov.

Klagenemnda består av en *leder* og fire andre medlemmer, hver med *ett varamedlem*, som alle oppnevnes av departementet.

*Departementet kan beslutte at Klagenemnda skal organiseres i to avdelinger. Begge avdelinger skal da ha en slik sammensetning som følger av annet ledd.*

Klagenemnda er beslutningsdyktig når minst tre medlemmer, herunder *leder* eller *dennes varamedlem*, er til stede. Står stemmetallet likt, gjør *leders eller dennes varamedlems* stemme utslaget. *Leder og dennes varamedlem* skal oppfylle vilkårene for å være herreds- og byrettsdommer.

Departementet gir nærmere forskrifter om Klagenemndas organisasjon og saksbehandling.

§ 58 tredje ledd blir oppheva.

III

Endringane under I tek til å gjelde frå og med 1. januar 2001. Endringane under II tek til å gjelde straks.

## **Forslag til lov om endringar i lov av 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)**

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) blir desse endringane gjort:

### I

§ 6-50 første ledd bokstav f skal lyde:

–f. *kulturvern, miljøvern, naturvern eller dyrevern.*

§ 6-50 annet ledd skal lyde:

Selskapet eller sammenslutningen må ha *nasjonalt omfang* 1. januar i det år gaven gis. Stiftelser må 1. januar i det år gaven gis oppfylle vilkårene i lov om stiftelser m.m. § 14 og motta offentlig støtte.

§ 6-50 femte ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av denne paragraf, og kan herunder gi regler om krav til *vedtekter, regnskap, revisjon, registrering i Enhetsregisteret og maskinell innberetning.*

### II

§ 2-2 første ledd bokstav g skal lyde:

*interkommunalt selskap, jf. lov om interkommunale selskaper,*

§ 5-14 tredje ledd bokstav c skal lyde:

*Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av skattlegging etter dette ledd.*

§ 6-32 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Har skattyter bodd i riket i bare en del av inntektsåret, avkortes *nedre og øvre grense for minstefradraget etter det antall hele eller påbegynte måneder av inntektsåret skattyteren har vært bosatt i riket.*

§ 10-10 andre og tredje ledd skal lyde:

(2) Med aksjonær likestilles *i §§ 10-10 til 10-13* eier av grunnfondsbevis og *deltaker* i selskap eller sammenslutning som omfattes av § 10-1.

(3) Med aksje likestilles *i §§ 10-10 til 10-13* grunnfondsbevis, medlemskap og andre andeler i selskap og *sammenslutning* som omfattes av § 10-1.

§ 14-5 fjerde ledd bokstav e første punktum skal lyde:

Nedskrivningsbeløp etter b, c og d tas til inntekt ved utløpet av det påfølgende inntektsåret, i den utstrekning beløpet ikke motsvarer tap i inntektsåret.

§ 14-48 første ledd siste punktum skal lyde:

Første og annet punktum gjelder ikke så langt gjenlevende ektefelle i uskifte eller enearving overtar boet udelt, og trer inn i avdødes rettigheter og plikter etter §§ 14-40 til 14-48.

§ 18-2 fjerde ledd skal lyde:

Naturressursskatt kan ikke kreves som fradrag i alminnelig inntekt. Naturressursskatt kan kreves fratrukket i utlignet fellesskatt til staten. *Selskaper og innretninger som nevnt i § 2-36 annet ledd kan kreve naturressursskatt fratrukket i utlignet skatt til staten av alminnelig inntekt.* Dersom naturressurs-skatten overstiger fellesskatt eller utlignet inntektskatt til staten for inntektsåret, kan det overskytende fremføres til fradrag senere år med rente som departementet fastsetter i forskrift.

### III

§ 5-15 første ledd bokstav l skal lyde:

fordel ved bruk av *Forsvarets tjenesteboliger*.

### IV

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad fra og med inntektsåret 2000. Skattyter som har gitt frådragsberettiget gavé før loven trer i kraft, til selskap eller samanslutning som ikke lenger blir omfatta av reglane i skatteloven § 6-50, mister ikke frådragsrett for inntektsåret 2000.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad fra og med inntektsåret 2000. Endringa under III tek til å gjelde straks med verknad fra og med inntektsåret 2001.

---

---